

A close-up photograph of a green grass spike. The spike is long and slender, covered in small, repeating floral or seed-like structures. A smaller, dried, brownish spikelet is attached to the side of the main spike. The background is a soft, out-of-focus green field under a bright sky.

Del II

Verna bygningar og kulturmiljø i Bioforsk

VERNEOMFANG

Bioforsk har totalt 228 bygningar og tekniske anlegg med til saman om lag 115 daa golvflate. Av desse blir 24 bygningar tilrådd verna i verneklasse 1 og 12 bygningar i verneklasse 2. I del II blir bygningane og kulturmiljøa i Bioforsk som er foreslått verna, omtala og presenterte med bilete.

Som grunnlag for vernet er det lagt vekt på å ta vare på bygningar og kulturmiljø som viser ulike fasar i forsøks- og forskingshistoria til Bioforsk. Det omfattar i første rekke bygningar og kulturmiljø på Løken, Tjøtta og Svanhovd, men også bygningar i verneklasse 2 på Holt og Vågønes.

Bioforsk Øst, Løken blir verna fordi det er den eldste forsøks-garden i Bioforsk og fordi garden ligg i eit landskap med stor tidsjupne. Her er verdifulle bygningar frå tida som presteenkjese og prestegard og ikkje minst typiske bygningar knytta til funksjonen som forsøksgard for fjellbygdene. Bygningane og kulturmiljøet på Løken utgjer ein verdifull heilskap saman med bygningar på husmannsplassen Tinden, stølen Berset og forsøkslåven på Bjørnhaugmyra.

Bioforsk Nord, Tjøtta blir verna fordi stasjonen har kulturmiljø og bygningar av stor kulturhistorisk verdi i eit landskap med stor tidsjupne frå tida som embedsmannsgard, sauavlgard, forskningstasjon og fagsenter. Tjøtta er ein jernaldergard, sterkt knytt til norgeshistoria, eit gods som ei tid omfatta storparten av Helgeland. Her er både sjeldsynte og verdifulle enkeltbygningar og store kvalitetar knytt til det heilskapelege bygningsmiljøet.

Bioforsk jord og miljø, Svanhovd blir verna i første rekke for å ta vare på det opphavelige tunet som vart bygd opp då Svanhovd vart etablert som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising i Pasvikdalen og som ledd i kolonialiseringa og fornorskinga av Pasvikdalen. Anlegget har høg bygningshistoriske verdi med sjeldan eksempel på landbruksarkitektur som følgje av statleg engasjement i Finnmark på 1920-30 talet. Svanhovd vart ikkje brend ned i 1945, og det er knytta interessant krigshistorie til området gjennom vern av vakttårn.

FORVALTNING

Etter at vernevedtak er fatta skal ein forvaltningsplan legge grunnlaget for ivaretaking av dei verna bygningane og anlegga til Bioforsk. Planen skal vere i samsvar med retningslinene staten har trekt opp i Kongeleg resolusjon vedteken i statsråd 1. september 2006. Planen vil vise prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, rehabiliteringstiltak- og bygningsmessige tiltak i samsvar med dei kulturminnefaglege føringane som ligg nedfelt i landsverneplanen.

Verneklasse 1: Lovgrunnlaget og forvaltningsprinsippa ligg nedfelt i kulturminnelova. Det inneber at for bygningar i verneklasse 1 er det eit generelt forbod mot tiltak som kan motverke formålet med fredinga. Det er ikkje lov å rive, flytte, byggje på eller endra freda bygningar og/eller anlegg. Det er heller ikkje lov å endre materialar eller fargar eller gjere andre endringar som går lenger enn vanleg vedlikehald.

Vanleg vedlikehald blir i denne samanhengen definert snevert. Prinsippet for vedlikehaldet er å ta vare på opphavelige bygningselement. Vedlikehaldet skal så langt råd gjerast i samsvar med opphavelig utføring, teknikk og materialbruk. Tiltak som måling med annan farge eller målingstype, utskifting av dører, vindauge, listverk, tapet, golvbelegg blir ikkje vurderte som vedlikehald, men som inngrep, og er derfor som hovudregel søknadspiktig etter kulturminnelova.

Riksantikvaren er staten sin faglege rådgjevar på kulturminneområdet med eit overordna ansvar for oppfølging av landsverneplanen. For freda og verneverdige bygningar i statleg eige kan bygningsmessige arbeid på freda eigedom ikkje setjast i verk før det er godkjent av Riksantikvaren.

Verneklasse 2: For verneverdige eigedomar det ikkje er fatta fredningsvedtak for, gjeld føresegnene i plan- og bygningslova og retningslinene nedfelt i landsverneplanen. Her vil Bioforsk sjølv ta ansvaret for at retningslinjer i høve kulturhistorisk verdi blir følgde.

Ved sal av eigedom skal Riksantikvaren ha melding i god tid om overdraging av eigedomar med bygg som er eldre enn 50 år, for å få vurdert spørsmålet om verneverdi. Gjennom utarbeiding av Landsverneplanen reknar Bioforsk omsynet i høve avhendingsinstruksjonen som klarert, slik at Riksantikvaren berre skal ha melding om sal av freda byggverk.

Bioforsk legg elles til grunn for sitt arbeid med oppfølging av Landsverneplanen at ansvaret for forvaltninga av dei verna bygningane blir lagd til styret som årleg rapporterer til Landbruks- og matdepartementet. Sjølve eigedomsforvaltninga følgjer elles den generelle styringsstrukturen i organisasjonen til ei kvar tid. I dag er ansvaret lagt til sju senter, Bioforsk Nord, Bioforsk Midt-Norge, Bioforsk Vest, Bioforsk Øst, Bioforsk Plantehele, Bioforsk Økologisk og Bioforsk Jord og miljø. Dei har det

administrative og økonomiske ansvaret for tilsyn, drift og vedlikehold av dei kulturhistoriske eigedomane, slik at dei blir forvalta i samsvar med dei overordna føresegnene.

Bioforsk legg elles til grunn for forvaltninga at det i samarbeid med departementet og Riksantikvaren blir

- utarbeidd ein prioritert tempoplan for opprusting og vedlikehald av anlegga med kostnadsoverslag
- avklara kva som er akseptabel bruk og bruksendringar av verna bygg og anlegg

Regjeringa har vedteke at ansvaret for forvaltninga av staten sine kulturhistoriske eigedomar skal inngå i styringsdialogen mellom departement og underliggjande verksemd, det vil seie mellom Bioforsk og Landbruks- og matdepartementet. Bioforsk legg til grunn for dialogen med departementet og Riksantikvaren at følgjande tema blir avklara:

- finansiering knytt til opprusting av verneverdige bygg og anlegg
- finansiering av framtidig vedlikehald av opprusta bygg og anlegg
- bruksverdien av verna bygg og anlegg

KOMPLEKS 1855 BIOFORSK NORD, BODØ



Bygnings- og eiendomsdata

Fylke:	Nordland
Kommune:	1804/Bodø
Opprinnelig funksjon:	Forsøksgård
Nåværende funksjon:	Kontorer/Bolig
Foreslått vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring
Totalt antall bygg:	13



Bygningsoversikt, omfang vern

Byggnr	Byggnavn	Oppført	Verneklasse	Omfang	GAB nr	Gnr/Bnr
5118	DRIFTSBYGNING	1921	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Utomhus	186961242	38/13
5117	HYBELHUS	1923	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Utomhus	186961250	38/13
5116	KONTOR/FORRETNINGSBYGG	1920	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Utomhus	186961277	38/13

Vern kompleks

Formål:	Ta vare på tunet på forsøksstasjonen, hovudbygningen, hybelhuset og driftsbygningen som representative bygningar og kulturmiljø av stor kulturhistorisk verdi som del av forsøkshistoria her og som del av eit verdifullt kulturlandskap.
Begrunnelse:	Husa på Vågønes er ein viktig del av Bioforsk si historie som ein av dei eldste forsøksstasjonene i landet, er alle bygningane som blir verna er bygd tidleg i forsøksperioden. Å sikre desse bygningane og kulturmiljøet her er spesielt viktig no som Vågønes blir fråflytta og avdelinga no heiter Bioforsk Nord, Bodø. Vågønes, Bodin gard og Rønvik ligg som ei grøn lunge mellom Bodø by og markaområdet innfor. Området sin funksjon som tur- og friluftsområde er viktig. Dei småskala landskapsromma etter kulturstigen som går forbi Vågønes langs Bodøelva er omtala som ryggraden i dette kulturlandskapet. Ei utgreiing som Planteforsk gjorde i 2002 viser også at bygningsmiljøet på Vågønes er verdifullt.
Omfang:	Arealet kring bygningane i tunet og eksteriøret på hovudbygningen, hybelhuset og driftsbygningen.

Beskrivelse kulturmiljø

Vågønes ligg inntil Bodin gard som saman med Rønvik gard framstår som ei grøn lunge mellom Bodø by og markaområdet innanfor. Området sin funksjon som tur- og friluftsområde er stor. Ryggraden i dette kulturlandskapet er dei småskala landskapsrom langs Bødøelva og kulturstigen som går forbi Vågønes.

Vågønes og gardane ikring representerer gamal jordbrukslandskap, og i ytterkanten på tunet til Vågønes er det gamle gravpassar og fornminne.

Eiendomshistorikk

I 1914 søkte Nordlands amtsting staten om å opprette ein forsøksstasjon for Tromsø stift. Nordlands Landhusholdningsselskap fremma ein liknande søknad i 1916, med uttale frå 40 ulike heradstyres. Det førte til at Stortinget i 1918 ga eit stipend til utdanning av ein forsøksleiar for Nord-Norge. Søknaden i 1914 gjekk ut på å etablere ein forsøksgard i Tromsø stift. Ei studiereise som landbruksdirektøren, Stortingets landbrukskomite og forsøksleiar Glærum ved forsøksgarden Voll gjorde, konkluderte med at "én forsøksstasjon for den vidløftige og forskjelligartede landsdel ikke vil kunne løse oppgaven. Foruten en stasjon i Nordland bør en stasjon anlegges i Tromsø amt, helst nord i amtet".

I 1920 kjøpte staten bygselbruket Vågø og plassen Vågønes av Nordland amt. Desse bruka vart slått saman og sette i drift. Etter at Holt blei etablert i 1923 vart Nordland fylke ansvarsområde for Vågønes.

KOMPLEKS 1855 BIOFORSK NORD, BODØ

Verneverdige bygg

Byggnr: 5116
GAB nr: 186961277
Navn:
KONTOR/FORRETNINGS
BYGG
Byggeår: 1920



Byggnr: 5117
GAB nr: 186961250
Navn: HYBELHUS
Byggeår: 1923



Byggnr: 5118
GAB nr: 186961242
Navn: DRIFTSBYGNING
Byggeår: 1920



Foto: Bioforsk

BYGNING 5118 DRIFTSBYGNING

Kompleks 1855 BIOFORSK NORD, BODØ

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	186961242
Gnr/bnr:	38/13
Oppført:	1921
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjent
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Driftsbygning
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført på kjeller og ringmur i støypt betong med panelt bindingsverk og med saltak tekt med hoggen skifer. Først vart dei to parallellfløyane oppført, tre år seinare mellomfløya. Bygningen har to låvebruer i betong og eit tilbygg med saltak.

Sammendrag bygningshistorie

Driftsbygningen er tredelt. Husdyrfjøset med låve vart bygd i 1921, og denne delen har vore nytta til husdyr fram til nyleg. Husdyrfjøset har vore ombygd og modernisert fleire gong i takt med den teknologiske utviklinga i landbruket.

Parallelt med husdyrfjøset vart det same året bygd forsøkslåve med same utsjånad. Forsøkslåven har hatt ulike funksjonar opp gjennom tidene. Under krigen var delar av bygget nytta som barneskule, og i ei tid vart avisa Nordlandsposten trykt her. Også landbrukstidskriftet Norden hadde tilhald her fram til nyleg. I dag er delar av bygget ombygd til kantine, møterom, kontor mv. og huset har ein gjennomgang til veksthusa nedanfor.

I 1924 vart husdyrfjøset og forsøkslåven knytte saman med eit vinkelbygg, ei midtfløy som framstår som det dominerande elementet i tunet. I dag er denne fløya ein forsøkslåve slik det er mange av i Bioforsk. Bygget har i mange år hatt eit In Vitro-laboratorium, det einaste i sitt slag i Norden.

Bygningshistorikk

1921	Husdyrfjøset og forsøkslåven vart bygd
1924	I 1924 vart husdyrfjøset og forsøksfløya knytt saman med eit vinkelbygg, ei midtfløy. Vinkelbygget er det som idag kallast for forsøkslåve. Utvendig har huset omlag same bygningskropp, men vindaugo og nye låvebruer har endra karakteren til huset. Bygningen har også innvendig endra karakter ved å ha ulike funksjonar opp gjennom tidene, som barneskule, som avistrykkeri, og i nyare tid som kontorbygg med kantine og møterom.

Vern

Formål:	Ta vare på ei representativ og sentral bygning i tunet, som del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som forsøksstasjon for Nordland fylke.
Begrunnelse:	Bygningen inneheld ein variert og interessant historie både som forsøksstasjon, men også fordi huset har vore nytta som barneskule og utgjevingsstad for Nordlandsposten og landbrukstidskriftet Norden. Bygningen pregar dessutan tunet i stor grad og er såleis ein viktig del av eit verneverdig kultur- og bygningsmiljø.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring

BYGNING 5118 DRIFTSBYGNING

Kompleks 1855 BIOFORSK NORD, BODØ



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug




Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5117 HYBELHUS

Kompleks 1855 BIOFORSK NORD, BODØ

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	186961250
Gnr/bnr:	38/13
Oppført:	1923
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Bolig/bosetning
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført på kjellar i støypt betong med panelt bindingsverk og med saltak tekt med hoggen skifer.

Sammendrag bygningshistorie

Hybelhuset, også kalla internatet, vart bygd som husvære for sommarhjelpa, og delar av huset har vore nytta som det heilt fram til i dag. I seinare tid har huset vore ombygd innvendig og har i dag fleire hyblar som blir leigde ut.

Vern

Formål:	Ta vare på ei representativ og sentral bygning i tunet som del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som forsøksstasjon for Nordland fylke.
Begrunnelse:	Huset vart bygd som husvære for sommarhjelp og røktaren, og bygningar med tilsvarende formål vart bygd på dei fleste forsøksgardane føre krigen. Huset pregar gardstunet i nord. Huset har vore ombygd fleire gong, og har dei siste åra vore leigd ut som hyblar.
Omfang:	Eksteriøret
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring



Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5116 KONTOR/FORRETNINGSBYGG

Kompleks 1855 BIOFORSK NORD, BODØ

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 186961277
Gnr/bnr: 38/13
Oppført: 1920
Byggherre: Landbruksdepartementet
Arkitekt: Ukjend
Opprinnelig funksjon: Bolig/bosetning
Nåværende funksjon: Offentlig forvaltning
Bygningsart: Bolig
Regulering: Uregulert: null
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført på kjellar i støypt betong med panelt bindingsverk og med saltak tekt med hoggen skifer. Huset har påbygd inngangsparti

Sammendrag bygningshistorie

Huset vart bygd som bustad for forsøksleiaren og assistenten som også hadde kontor her. Då det vart behov for meir kontorplass vart det bygd ny bustad for forsøksleiaren i 1960. Huset framstår som ein vanleg bustad. Huset er ein del ombygd og vart fram til i 2008 nytta som kontor for administrasjonen og forskarane, Dei flytta då over til distriktshøgskulen.

Vern

Formål: Ta vare på sentrale delar av tunet på Vågønes som forsøksgard og som del av eit viktig kulturmiljø.

Begrunnelse: Huset er det første som vart bygd på Vågønes etter at garden vart forsøksstasjon. Bygningen er ombygd og restaurert mange gonger, men huset med hagen pregar kulturmiljøet her i stor grad. Huset er ein sentral del av bygnings- og kulturmiljøet på Vågønes.

Omfang: Eksteriøret.

Vernekategori: Verneklasse 2, bevaring



Foto: Håkon Skarstad




Foto: Håkon Skarstad

KOMPLEKS 1856 BIOFORSK NORD, HOLT



Bygnings- og eiendomsdata

Fylke: Troms, Finnmark
Kommune: 1902/Tromsø, 1933/Balsfjord, 2012/Alta
Opprinnelig funksjon: Forsøksgård
Nåværende funksjon: Barnehage/lager
Foreslått vernekategori: Ikke verneverdig
Totalt antall bygg: 21



Bygningsoversikt, omfang vern

Byggnr	Byggnavn	Oppført	Verneklasse	Omfang	GAB nr	Gnr/Bnr
5133	GAMLE LAB.- OG KONTORBYGNING	1928	Verneklasse 2, bevaring	Eksterior	190603083	118/3

Vern kompleks

Formål:
Begrunnelse:
Omfang:

Beskrivelse kulturmiljø

Bygningane inngår som del av eit større bygningsmiljø på forsøksgården Holt. Eigedomen er ein del av Tromsø by som i kommuneplanen er definert som LNF-område. Tunet og bygningane her er skjerma og tilvaksse med skog med utsikt ut mot havet.

Eiendomshistorikk

I samband med kjøpet av Vågønes forsøksgård i Bodø, uttala landbruksdirektøren at Nord-Norge var så stort at landsdelen burde ha to forsøksgardar. Stortinget vedtok i 1920 at det skulle setjast i drift ein forsøksgård for jordbruket i Troms og Finnmark. I 1922 fekk Troms landbrukssekselskap i oppgåve å finne ein eigedom som var eigna til formålet. Det førte til at staten kjøpte Holt i 1923. Garden hadde lite jordbruksareal så i tillegg til oppføring av bygningar, gjekk det føre seg ei omfattande nydyrking. Holt er truleg den forsøksstasjonen i jord- og plantkultur i verda som ligg lengst mot nord.

Holt kom til å spela i viktig rolle under krigen, ved at garden vart okkupert av tyskarane i 1940, og som skjulestad for biskop Kron Hansen med familie i 1943. Holt har dessutan utvikla seg i takt med utviklinga i jordbruket, og var ei tid også ansvarleg for delar av verksemda på Svanhovd. Holt hadde også sentrallaboratorium for Bioforsk ei lang periode fram til 2005. I dag er Holt forskingssenter for Nord-Norge, med Tjøtta og Vågønes som avdelingar, og med Nordnorsk Kompetansesenter lokalisert og styrt av Holt.

Verneverdige bygg

Byggnr: 5133
GAB nr: 190603083
Navn: GAMLE LAB.- OG KONTORBYGNING
Byggeår: 1928





Foto: Bioforsk

BYGNING 5133 GAMLE LAB.- OG KONTORBYGNING

Kompleks 1856 BIOFORSK NORD, HOLT

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	190603083
Gnr/bnr:	118/3
Oppført:	1928
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Funksjon uspesifisert
Bygningsart:	Driftsbygning
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført på kjellar i støypt betong med panelte bindingsverksveggar og saltak tekt med hoggen skifer. Bygningen er utvendig nærast i opphavelig stand og innvendig har delar av 2. etasje og loftsetasjen dei opphavelige overflatene. Ein del vindaugo er skifta i alle etasjar, men med gode kopiar.

Sammendrag bygningshistorie

Huset blir også kalla Laboratoriebygningen og Holtvegen 70. Huset vart oppført som forsøkslåde. Seinare vart huset innreidd med laboratorier, kontor og bibliotek, og med ein rekke andre funksjonar i tillegg.

Bygningshistorikk

1928	Bygningen vart oppført som forsøkslåde i 1928, med potetkjellar og lagerrom for grønnsaker i kjellaren. I første etasje var det vedbu, rom for reiskap, maskiner og utstyr. I andre etasje var det vegerom, treskelåde og lagerrom for frø og korn.
	I 1936 vart huset ombygd til instiutjonsbygning. Bygningen inneheld både kjemisk og cytologisk laboratorium, kontor, bibliotek og leserom, vegerom og spirerom. I kjellaren var det potetlager, badstu og badestamp. I tredje etasje var det loft og rom for drengar.
	Seinare vart vege- og spireromma i første etasje innreidd til jordlaboratorium. Loftet vart ombygd til arkiv og bibliotekreserve og med plass til ei geologisk samling som framleis står der.
	I dag blir huset nytta til barnehage i første etasje og resten står ubrukt.

Vern

Formål:	Ta vare på ei bygning med spesielle kvalitetar og med ei interessant historie som fortel mykje om verksemda på forsøks garden Holt gjennom tidene.
Begrunnelse:	Bygningen fortel mykje om verksemda på Holt gjennom tidene. Bygningen vart oppført som forsøkslåde. Huset har seinare vore instiutjonsbygning med kontor, bibliotek, leserom mv. Huset har som namnet også seier vore laboratoriebygning. Huset har elles vore nytta til rom for drengar.
Omfang:	Eksteriør.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring

BYGNING 5133 GAMLE LAB.- OG KONTORBYGNING

Kompleks 1856 BIOFORSK NORD, HOLT



Fasade sørvest Foto: Bioforsk



Fasade nordaust Foto: Bioforsk



Fasade aust Foto: Bioforsk



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

KOMPLEKS 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Bygnings- og eiendomsdata

Fylke: Oppland
 Kommune: 544/Østre Slidre
 Opprinnelig funksjon: Prestegard
 Nåværende funksjon: Forskingsstasjon
 Foreslått vernekategori: Verneklasse 1, fredning
 Totalt antall bygg: 26



Bygningsoversikt, omfang vern

Byggnr	Byggnavn	Oppført	Verneklasse	Omfang	GAB nr	Gnr/Bnr
5005	ADMINISTRASJONSBYGNING	1990	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158225603	34/1
4997	BOLIGHUS TINDEN	1854	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør	158225603	34/1
4985	DRIFTSBYGNING	1922	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158228823	34/1
11722	FORSØKSLÅVE	1953	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158228823	34/1
4992	FORSØKSLÅVE BJØRNHAUG	1930	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør/Utomhus	158267241	34/1
5004	GML FJØS TINDEN	1855	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Interiør	158225581	34/1
4995	HOVEDBYGNING	1850	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør	158228793	34/1
5001	HØNSEHUS	1800	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør	158225565	34/1
4984	INTERNAT	1951	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158228858	34/1
4993	KRYSNINGSVEKSTHUS	1981	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør	7769547	34/1
11723	LØE BERSET	1800	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør	158267381	34/1
4999	PARKERINGSHUS	1938 - 1939	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158228866	34/1
4989	SETERHUS BERSET	1875	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør	158267403	34/1
4998	STABBUR LØKEN	1938	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158228815	34/1
5002	STABBUR TINDEN	1885	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør	158225573	34/1
4996	TOMANNSBOLIG	1938 - 1939	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158228831	34/1
4986	VEKSTHUS	1983	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør	158228882	34/1
5000	VERKSTED/SMIE	1850	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	158228874	34/1

KOMPLEKS 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Vern kompleks

Formål:	Ta vare på eit verdifullt kulturmiljø i eit landskap med stor tidsdjupne, og bygningar både frå tida som presteenkjesete, prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Det omfattar bygningar og kulturmiljø på Løken, husmannsplassen Tinden, stølen Berset og forsøkslåven på Bjødnhaugmyra som til saman utgjer ein verdifull heilskap.
Begrunnelse:	Forsøks garden for fjellbygdene vart oppretta i 1918, og er i dag den eldste forsøks garden som framleis er i bruk. Forsøks garden vart flytta til Løken i 1922. Løken har mange ulike bygningstypar med ulike funksjonar som tilsaman fortel ei historie frå tida som presteenkjesete, prestegard og som forsøks garden for fjellbygdene. Som den eldste forsøks garden dekkjer bygningshistoria så og seia heile tidsrommet det har vore forsøksverksemd i landbruket i Norge. Bygningane viser utviklinga frå enkle kontortilhøve til moderne kontor. og laboratoriebygg, frå enkle vognskjul for hestereiskap til redskapshus og verkstad for moderne jordbruksreiskap og forsøkssteknisk utstyr. Bygningane viser også det store behovet det var å byggje hus for dei tilsette og ekstrahjelpa om sommarane, eit behov som knapt eksisterer i dag. Husdyrfjøs var det på alle forsøks gardenene og gjerne det huset som først vart bygd. I dag er det ikkje husdyr att i Bioforsk. Bygningane på Løken viser i stor grad det typiske for forsøksverksemda generelt at ein tok i bruk eksisterande bygningar og bygde nye tilpassa behova ein hadde til ein kvar tid. Bygningane representerer ein verdifull heilskap saman med bygningar på husmannsplassen Tinden, stølen Berset og forsøkslåven på Bjødnhaugmyra. Både nye og gamle bygningar er relativt godt vedlikehaldne og teke vare på i sin opphavslege tilstand, og dei fleste er framleis i bruk. Bygningane ligg i eit område med nyare kulturminne og automatisk freda kulturminne frå jernalderen og vikingetida.
Omfang:	Sju bygningar i det indre gardstunet blir verna i verneklasse I. I tillegg blir smia, det gamle hønsehuset/geitefjøset og forsøkslåven på Bjødnhaugmyra verna i verneklasse I. Verneklasse II omfattar dei to veksthusa på Løken, bustadhuset, staburet og fjøset på husmannsplassen Tinden, og selet og gamleløa på Berset.

Beskrivelse kulturmiljø

Garden ligg solvend til med utsikt over Volbufjorden og grendene ned gjennom dalen. Løken (løkji) er ein gamal gard rik på kulturminne. Det viser dei gamle hustuftene, gravminna, rydningsrøysene, åkerreinene, jernutvinningsanlegga, kolgropene og tallrike funn frå vikingetida. Med andre ord kulturminne med tilknytning både til religion, busetjing, jordbruk og utmarksbruk.

Tunet på garden låg tidlegare høgare oppe i lia og flytta ned då Løken vart eigen prestegard og Øystre Slidre eigen kommune i 1849. Då vart også hovudbygningen på Løken bygd. Frå det gamle tunet er det berre hønsehuset som står att, eit hus som er omtala seinare og som har hatt mange namn.

Løken hadde etter det ein veit fire husmannsplassar. Tre av dei er i dag sjølvstendige gardsbuk, men husmannsplassen Tinden tilhøyrer Bioforsk. Her står det tre bygningar frå tida før Løken vart eigen prestegard, men bustadhuset er ombygd og påbygd fleire gonger. Løken har også støl på Berset vel 20 km unna, og ein forsøkslåve på Bjødnhaugmyra innafør Berset, Løken hadde tidlegare også støl på Yddestølen, men den stølen fekk husmannsbruka Jordet og Høvda. I ei geistleg husomtale av prestegardane på Austlandet i 1870, er det omtala at Løken hadde fire stølar. Om desse vart brukt på same tid kjenner ein ikkje til, men to av desse var nok heimstølar.

Bygnings- og kulturmiljøet på Løken er elles prega av bygningane som vart ført opp etter at Løken vart forsøks garden i 1922. Bygningane i det indre tunet står som ei ramme kring eit firkanta tun, med plenar og grøntareal i midten tilplanta med hengebjørk. Alleen på vegen inn til tunet frå kyrkja er også tilplanta med hengebjørk. Bygningane kring tunet gjev ei heilskapeleg ramme for tunet, og bygningane på Løken, representerer ein viktig del av forsøks- og bygningshistoria til Bioforsk.

Eiendomshistorikk

Løken er ein gamal gard. truleg den eldste i bygda. Løken er ein vingard (Leikrvin) omkransa av stadgardane, Idstad, Veningstad, Onstad og Jørstad.

På Løken stod det ei stavkyrkje (riven kring 1820), på same staden som kyrkja i dag står. Stupulen ved sidan av kyrkja står framleis. Ved utgravingar på staden i 1969 fann dei myntar frå Håkon Håkonsson si tid (1217-63), så stavkyrkja vart truleg bygd på denne tida.

I høgmedalderen var Løken prestegard med eigen prest. Etter svartedauden og nedgangstidene på 1400- og 1500-talet, og etter reformasjonen, var Løken ein gard som fullt ut tilhøyrde Slidre prestebol med hovudkyrkje i Vestre Slidre. Løken var då presteenkjesete. Når det ikkje var presteenkjer her, vart garden styrt av leigendingar. Ei lov som vart vedteken i 1845 sa at presteenkjeseta skulle seljast til private. Samstundes vart det arbeidd for ei deling av slidrebygdene og då Kongen stadfesta delinga i 1848, vart Løken eigen prestegard att.

Tunet på Løken låg tidlegare lengre oppe i lia, men då Løken vart prestegard att og hovudbygninga på Løken skulle byggjast, flytta dei tunet ned til det er i dag. Presten styrte Løken fram til 1922. Då vart "forsøksstasjonen for fjellbygdene" flytta frå Nedre Veningstad til Løken. Landbruksdepartementet leigde då innmarka, husmannsplassen Tinden og stølen Berset av Kyrkjedepartementet, medan forvaltninga av utmarka vart overteke av Opplysningsvesnets Fond. Ny prestebustad vart bygd lenger nede på egedomen, delvis med tømmer frå gamle hus på Løken.

Etter att Løken vart forsøks garden vart mykje av den eldre jorda oppattdyrka, og anna areal nydyrka. Det har og omfatta nydyrking og utviding av stølsjordene på Berset. Ein del av innmarksarealet/beitearealet vart også sist på 1920-talet overført til husmannsplassen Jordet, som då vart eigen gard.

KOMPLEKS 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Verneverdige bygg

Byggnr: 4998
GAB nr: 158228815
Navn: STABBUR LØKEN
Byggeår: 1930



Byggnr: 4999
GAB nr: 158228866
Navn: PARKERINGSHUS
Byggeår: 1991



Byggnr: 5000
GAB nr: 158228874
Navn: VERKSTED/SMIE
Byggeår:



Byggnr: 5001
GAB nr: 158225565
Navn: HØNSEHUS
Byggeår: 1800



Byggnr: 5002
GAB nr: 158225573
Navn: STABBUR TINDEN
Byggeår: 1800



Byggnr: 5004
GAB nr: 158225581
Navn: GML FJØS TINDEN
Byggeår: 1800



Byggnr: 5005
GAB nr: 158225603
Navn:
ADMINISTRASJONBYG
NING
Byggeår: 1990



Byggnr: 11722
GAB nr: 158228823
Navn: FORSØKSLÅVE
Byggeår: 1953



Byggnr: 11723
GAB nr: 158267381
Navn: LØE BERSET
Byggeår: 1800



Byggnr: 4984
GAB nr: 158228858
Navn: INTERNAT
Byggeår: 1951



KOMPLEKS 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Byggnr: 4985
GAB nr: 158228823
Navn: DRIFTSBYGNING
Byggeår: 1922



Byggnr: 4986
GAB nr: 158228882
Navn: VEKSTHUS
Byggeår: 1983



Byggnr: 4989
GAB nr: 158267403
Navn: SETERHUS
BERSET
Byggeår: 1941



Byggnr: 4992
GAB nr: 158267241
Navn: FORSØKSLÅVE
BJØRNHAUG
Byggeår: 1930



Byggnr: 4993
GAB nr: 7769547
Navn:
KRYSNINGSVEKSTHUS
Byggeår: 1981



Byggnr: 4995
GAB nr: 158228793
Navn: HOVEDBYGNING
Byggeår: 1850



Byggnr: 4996
GAB nr: 158228831
Navn: TOMANNSBOLIG
Byggeår: 1930



Byggnr: 4997
GAB nr: 158225603
Navn: BOLIGHUS TINDEN
Byggeår: 1855



KOMPLEKS 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Utomhusanlegg

Elementnr:

Elementnavn: Ytre
gardstun

Beskrivelse: Det ytre
gardstunet har bygningar
som på mange måtar viser
den teknologiske utviklinga
som har skjedd i forskinga
og jordbruket. I 1930 blei
det bygd vognskjul, så kom
traktoren og
traktorreiskapane. Dette
førte til bygging av reiskapshus i 1965. Etter kvart kom det fleire traktorar og
jordbruksmaskiner, traktordrive forsøksutstyr og sjølvgåande forsøksmaskiner. Det
førte til bygging av eit større redskapshus med verkstad i 1985. Av bygningane elles
i det ytre gardstunet representerer veksthusa ein epoke i forskinghistoria.
Grovfôrprogrammet som NLVF la fram i 1980 førte til bygging av veksthus. Omlag
50 % av engvekstfordelinga i Norge skjedde på Løken då Graminor overtok
foredlingsarbeidet i 2002.



Det ytre gardstunet
omfattar elles potetkjellaren
som vart bygd i ein periode
då forsøk med potet var ei
viktig oppgåve for Løken

Elementnr:

Elementnavn: Indre
gardstun

Beskrivelse: Det indre
gardstunet representerer
det sentrale
bygningstiljøet.
Bygningane står som ei
ramme rundt eit firkanta
tun, med plenar og
grøntareal i midten tilplanta
med hengebjørk.



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 4995 HOVEDBYGNING

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 158228793
Gnr/bnr: 34/1
Oppført: 1850
Byggherre: Kyrkjedepartementet
Arkitekt: Ukjend
Opprinnelig funksjon: Bolig/bosetning
Nåværende funksjon: Bolig/bosetning
Bygningsart: Bolig
Regulering: Uregulert: null
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Hovedbygningen vart oppført i ein etasje på bruddsteinsmur og påbygd ein halv etasje i 1896. Huset er oppført i tømmer. I 1930 fekk delar av det 1 1/2 etasjes bygninga to etasjar gjennom påbygging av ei ark. Nytt tak vart lagt i 1986 og som alle tak på Løken tekt med skifer frå Valdres skiferbrudd.

Sammendrag bygningshistorie

Hovedbygningen må være oppført etter ein typeplan for prestegardar utgjeve av Kyrkjedepartementet i 1835, teikna av Sverdrup og Linstow. Tilsvarande bygningar har prestegardane i Lyngdal (1838), Kolvereid (1840-43 og Hamarøy (1844). I planløysinga inngjekk to frittståande fløyer. Den eine fløya er smia på Løken som vart flytta kring 1930, og den andre fløya vart rive omlag på same tid.

Hovedbygningen blei oppført like etter at Øystre Slidre vart eigen kommune i 1849. Løken gjekk då over frå å være presteenkjesete til å bli prestegard. Huset hadde i førstninga også kommunale funksjonar og tente også som banklokale i tillegg til å tene som husvære for prestefamilien. Kor lenge det var kommunale funksjonar her er uvisst då Volbu skule vart bygd like ved i 1853/54.

1896 vart huset påbygd til 1 1/2 etasje med veranda i sveitserstil. Kring 1930 skjedde det ei stor endring ved at verandaen i sveitserstil vart riven og ertatta med ein steinertasse med smijernsgelender. Samstundes vart delar av loftsetasjen heva til full etasje. Det skjedde då også ei omvøling innvendig, mellom anna skifting av golv i 1. etasje. I 1986 vart taket isolert og det gamle skifertaket erstatta med nytt skifertak.

Då Løken vart forsøksgard vart huset forsøksleiarbustad og kontorlokale. Den funksjonen hadde huset til 1980. Huset vart då meir og meir kontorlokale fram til det nye kontor- og laboratoriet stod ferdig i 1990.

Huset blir i 2006 leigd bort til bustadformål og som aktivitetshus for Øystre Slidre husflidslag. Huset inngår i firkanttunet representerer eit sentralt element i kulturmiljøet.

Bygningshistorikk

1850		Bygningen vart bygd som prestebustad då Øystre Slidre vart eigen kommune. Huset vart bygd i ein etasje med to kvistrom og med brekte gavlmøner. (Foss i brev 14.des.1934) Planløysinga for bygget omfatta også to frittståande sidefløyer, Den eine fløya (dreggestova) er i dag smie på Løken, som vart flytta kring 1930, og den andre fløya (bryggerhuset) vart riven på same tid.
1896		Bygningen blir påbygd til 1 1/2 etasje og bygd til med ein sveitservernada på sørsida. Påbygginga er synleg markert med sikkakk-kant på ytterpanel. Ved opprettinga av Løken som forsøksgard i 1922 vart bygninga tatt i bruk som bustad og kontor for forsøksleiar.
1930	1940	Verandane i sveitserstil vart riven mellom anna på grunn av råte, og erstatta med ein steinertasse med smijernsgelender. Huset vart samstundes hogda slik at delar av loftsetasjen fekk full høgde. Den eine fløya, dreggestova, vart flytta og i dag nytta som smie og den andre fløya, bryggerhuset, vart rive i denne perioden. Bryggerhuset vart då erstatta av eit nytt bryggerhus og ein garasje som stod på bakken der det nye kontor- og laboratoriebygningen i dag står. I denne samanhengen kan det og nemnast at det no er funne brev som viser at bygging av bryggerhuset og garasjen skjedde samstundes med bygging av tomannsbustaden (forpaktarbustaden), parkeringshuset (vognskjulet), fjøset på Berset og vøling av sælet på Berset. Dette skjedde i 1938-39 og ikkje kring 1930 som tidlegare opplyst. Det er også klart at arkitekturen og funksjonane til desse bygningane vart utforma i fellesskap av forsøksleiar Haakon Foss og byggmeister E. Erikson & Son, Det var også Erikson som stod for bygningsarbeidene, medan grunnmursarbeidet vart utført av Andreas Lovås.
1947	2006	Etter krigen og frametter skjedde det ein del omvølingar innvendig utan at det endra karakteren særleg, men kring 1980 vart ein delen av "storstua" delt av til kontor. Dei siste 20 åra er også lagt belegg på ein del golv, tømmerveggar er paneelte, og rom avdelt til ulike toalettfunksjonar i 1. etasje.

BYGNING 4995 HOVEDBYGNING

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Vern

Formål:

Ta vare på dei ytre og indre kvalitetane bygningen har, og huset som ein viktig del av eit variert og verdifult kultur- og bygningsmiljø i det indre tunet på Løken frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.

Begrunnelse:

Huset vart bygd då Øystre Slidre vart eigen kommune, og Løken gjekk over til å bli eigen prestegard att. Arkitektonisk er bygninga interessant sidan det er eit bygg som er oppført etter planløysingar som Kyrkjedepartementet gav ut i 1835, og som tidlegare er kjend frå prestegardane i Lyngdal, Kolvareid og Hamarøy.

Bygningen har endra karakter gjennom tidene, men kjernekvitetane i hovudbygget er i stor grad oppretthalde.

Korrespondanse i 10-året kring 1980 viser at vern av bygget alt då var sterkt framme, utan at det vart endeleg stadfesta. Huset har utan tvil kvalitetar som tilseier at bygningen bør vernast. I tillegg er huset ein viktig del av eit større kultur- og bygningsmiljø. Huset er eit viktig element i firkanttunet og dannar sørsida i det indre gardstunet på Løken. Huset er eit sentralt element både i prestegards- og forsøksgardshistoria på Løken.

Omfang:

Eksteriør og interiør.

Vernekategori:

Verneklasse 1, fredning

Interiør

Interiørnr:

Interiørnavn:

Beskrivelse: Det er originalt slett panel på tak og veggjar i fleire rom. Eit hjørnerom har bjelketak og måla tømmerveggjar. Tre originale dører i kjellaren og ei original dør i andre etasje.



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 4995 HOVEDBYGNING

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Fasde vest Foto: Håkon Skarstad




Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Fasade sørvest Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 4985 DRIFTSBYGNING

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158228823
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1922
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Driftsbygning
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Driftsbygningen er oppført i panelt bindingsverk delvis på betong grunnmur med tak tekt med skifer frå Valdres Skiferbudd. Fjøsveggane er pussa tegl på betong kjellar. Bygningen har ein tilbygd vinkel på baksida (sjå 11722 forsøkslåve). Låvebrufoten er mura med steinblokker.

Sammendrag bygningshistorie

Bygningen vart oppført då Løken vart forsøksgard i 1922. Utvendig er bygningen lite endra, bortsett frå at det på baksida vart bygd ein forsøkslåve i vinkel i same stil i 1953. I takt med utviklinga i jordbruket vart det bygd siloar innvendig, hestestallen gjort om og ein del inngangsdører flytta.

Løken hadde mjølkeku og sau fram til 1977. Då vart mjølkekyrne erstatta med ammekyr av Charolais-rasen, og både kjøtteet og sauen vart avvikla i 1989. Tidlegare har bygningen hatt plass til både gris og hest i tillegg.

Då Løken vart husdyrlaus i 1990 skjedde store ombyggingar innvendig. Storfefjosen vart gjort om til lagerrom for forsøksutstyr og portane i gjødselkjellaren vart utvida. Sauufjøset og siloane vart rive og erstatta med tørkeanlegg for korn og grasfrø. Låvebrua innerst på låven vart fjerna og tak og låvebrukonstruksjonar endra og bore oppe av limtredragarar. Det vart bygd høytørke med luft frå soloppvarma luft frå tak og veggar. Ombygginga vart ikkje heilt fullført på grunn av manglande finansiering, så innvendig står delar av låven halvferdig.

Bygningshistorikk

1922	Bygningen blir oppført
1953	Forsøkslåven bygd i vinkel på bygget. (Viser til særskild omtale for bygning 11722 Forsøkslåve)
1990	Større ombygging innvendig av husdyrrom og gjødselkjellar. Det vart bygd frø- og høytørker med luft frå soloppvarma luft frå tak og veggar. Låvebrua innerst vart fjerna og taket sjølvberande ved bruk av limtredragarar. Bygningen fekk tilbygg på baksida.

Vern

Formål:	Ta vare på denne bygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.
Begrunnelse:	Driftsbygningen var det første huset som vart reist etter at Løken vart forsøksgard. Bygningen er tidstypisk og i seg sjølv ein viktig del av forsøkshistoria. Bygningen er eit viktig element i firkanttunet og dannar nordsida i det indre gardstunet på Løken.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 4985 DRIFTSBYGNING

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5005 ADMINISTRASJONSBYGNING

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158225603
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1990
Byggherre:	Staten v/Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Rune Urne og Hans Kristian Syversen
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Kontor
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført i to etasjer og full sokkeletasje. Huset er oppført i panelt bindingsverk på fundament av betong. Bygningen har saltak i to høgder med gjennomgåande ark. Bygningen er elles prega av limtrevirke og balkongar som bryt opp vegflatene. Taket er tekt med hoggen skifer frå Valdres Skiferbrudd slik alle øvrige tak på Løken er.

Sammendrag bygningshistorie

Bygningen vart bygd fordi hovudbygningen ikkje hadde dei fasilitetar og kontorfunksjonar som tida kravde. Laboratorieverksemd gjekk tidlegare føre seg i kjellarar og verkstadius, og kantine, møterom og toalett-tilhøva var dårlege.

Departementet vedtok tidleg på 1980-talet at det skulle byggjast nytt kontor- og laboratoriebygning på Løken, men det var først i 1988 løyvd pengar til utbygginga.

Bygningen med sin særmerkte arkitektur er utforma av arkitektane Rune Urne og Hans Kristian Syversen. Arkitekturen er både nyskapande og tradisjonell og bind bygningsmiljøet elles saman til ein heilskap. Huset rammer inn firkanttunet i aust. Huset dokumenterer noko av den nyskaping som har skjedd innan forskinga. Huset inneheld moderne kontorlokale med ventilasjon, datanettverk, møterom, kjøkken og matsal, laboratorium, fryserom og vekstrom.

Vern

Formål:	Ta vare på denne spesielle bygningen som utgjør ein del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og tidlegare prestegard
Begrunnelse:	Dette er ei relativt ny bygning, med særmerkt arkitektur som syner den historiske spennvidda husa på Løken har frå tida som prestegard og forsøksgard. Arkitektonisk knyter bygningen saman gamal og ny arkitektur på ein god måte. Bygningen viser noko av den omstilling og nyskaping som har skjedd innan forskinga. Huset er eit viktig element i firkanttunet og dannar austsida i det indre gardstunet på Løken.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 5005 ADMINISTRASJONSBYGNING

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Administrasjonsbygning øst Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 4998 STABBUR LØKEN

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158228815
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1938
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Stabbur
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Stabburet er i første etasje lafta med lafteplank med ei ope sval, medan andre etasje er i stavverk. Bygningen står på stabbar av støypt betong. Taket er tekt med hoggen skifer frå Valdres Skiferbrudd.

Sammendrag bygningshistorie

Stabburet står der den eine fløya av hovudbygningen, drengestova (smia) stod. Løken hadde eit gammalt stabbur, men det vart flytta til Lyngstad i Volbu, der det framleis står. Huset vart vel ei tid nytta som stabbur, men i nyare tid har det kun hatt funksjon som lagerplass.

Vern

Formål:	Ta vare på bygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.
Begrunnelse:	Huset er ein del av eit verdifullt bygningsmiljø i inngangen til tunet som fortel om Løken som prestegard og forsøksgard. At stabburet vart oppført i 1938, var neppe fordi stabburfunksjonen var så viktig, men heller det at dette var ein bygningstype ein meinte høyrde med på ein gard - og ein forsøksgard.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 4996 TOMANNSBOLIG

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 158228831
Gnr/bnr: 34/1
Oppført: 1938 - 1939
Byggherre: Landbruksdepartementet
Arkitekt: Håkon Foss og E. Erikson & Son
Opprinnelig funksjon: Bolig/bosetning
Nåværende funksjon: Bolig/bosetning
Bygningsart: Bolig
Regulering: Uregulert: null
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er ein horisontaldelt bustad i halvannan etasje for to hushaldningar, oppført i bindingsverk med vekselpanel kledning på ein støypt kjellar. Taket er tekt med skifer frå Valdres Skiferbrudd. Bygningen har eit ope bislag mot tunet.

Sammendrag bygningshistorie

Bygningen som også vart kalla forpaktarboligen, er oppført i 1938-39. Bygget representerer ein epoke i Bioforsk sin historie. Liknande bustader vart bygd på dei fleste forsøkgardane. Dette var før bilen kom og det var vanskeleg å skaffe husvære for dei tilsette i bygda. Dessutan var det viktig å ha arbeidsfolk på garden som kunne sjå til husdyra og ha oppsyn med garden elles.

Tomannsbustaden avløyste truleg nokre av funksjonane til drengestogo då denne vart flytta og omgjort til smie.

Utvendig er bustaden omlag slik han vart bygd, men huset er seinare etterisolert og ombygd innvendig, mellom anna med toalettrom. Huset har også delvis vore nytta som kontor.

Bygningshistorikk

1938	1939	Bygningen vart oppført av E. Eriksson & Son, og murararbeidet vart utført av Andreas Løvås
1965	1970	Bygningen fekk mellom anna toalett og bad i 2. etasje i begge leilighetene
1990		Bygningen vart etterisolert med innsprøyting av isolasjon i veggane, og taket vart isolert og tekt med stein frå Valdres Skiferbrudd.

Vern

Formål: Ta vare på bygningen og som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som forsøkgard for fjellbygdene og prestegard.

Begrunnelse: Huset er ein tidstypisk bygningstype med ein funksjon som var vanleg på dei fleste forsøkgardane i Norge. Bygningen er det første huset ein møter på vegen inn på tunet. Huset er i seg sjølv verneverdig og ein viktig del av kultur og bygningsmiljøet i det indre firkanttunet i vest.

Omfang: Eksteriør.

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning

BYGNING 4996 TOMANNSBOLIG

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 4984 INTERNAT

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158228858
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1951
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Helge Skoug, Gjøvik
Opprinnelig funksjon:	Bolig/bosetning
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er ein internatbygning i to etasjar på støypt kjellar som er oppført i bindingsverk med vekselpanel. Huset har saltak tekt med hoggen skifer frå Valdres Skiferbrudd. Bygningen har eit bislag med saltak og ein altan over eit utbygg på gavlen.

Sammendrag bygningshistorie

Huset vart bygd som husvære for ekstrahjelpa om sommaren og som kantine for dei tilsette på Løken. Kantinefunksjonane gjorde at huset og blir kalla for messa. Huset har hyblar, med felles kjøkken og stue. I 1984 skjedde det ombyggingar etter teikningar frå Statens bygge- og eiendomsdirektorat. I første etasje vart det då laga ei lita leiligheit, og det vart bygd toalett mv i 1. og 2. etasje.

Den tida dei dreiv med hest og hadde høynn med hesjing i tillegg til forsøksarbeid, var det stort behov for ekstrahjelp i sommarhalvåret. Kantine var det behov for fordi det var vanleg med middag og middagskvile ein halvannen time midt på dagen. Den lange pausen trengtes ikkje minst for hestane som gjekk på tungt arbeid. Løken hadde kokke som laga middag til personalet fram til sist på 70-talet. I dag blir både leiligheita i første etasje og messa leigd ut.

Bygningshistorikk

1951	Bygningen oppført av Torleiv Sælid
1984	Bygningen ombygd og renovert med ei lita leiligheit i 1. etasje og med sanitæranlegg i begge etasjane. Huset fekk også etter kvart laboratoriefunksjonar i kjellaretasjen.

Vern

Formål:	Ta vare på dei ytre og indre bygningskvalitetane denne bygningen har og huset som del av eit variert kultur- og bygningsmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.
Begrunnelse:	Bygningen representerer ein bruksfunksjon som var vanleg på forsøksgardane i Norge i ein tidsperiode, ein type bygningar i sitt slag som det står få att av og som blir verna. Dessutan inngår huset som eit viktig element i det indre gardstunet på Løken.
Omfang:	Eksterior.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 4984 INTERNAT

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 4999 PARKERINGSBUS

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158228866
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1938 - 1939
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Håkon Foss og E.Erikson & Son
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Uthus/skjul
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført på ringmur av betong og på betongpillarer med panelt bindingsverk. Huset har saltak tekt med hoggen skifer frå Valdres Skiferbrudd.

Sammendrag bygningshistorie

Det ein i dag kallar parkeringshuset er det gamle vognskjulet som også hadde vedskåle i eit vinkelbygg som vart rive i 1990. Vognskjul heitte redskapshusa den tid dei dreiv med hest. Namnet parkeringshuset fekk det i 1990 då det vart bygd parkeringsplass kring huset, og fordi delar av huset no fungerer som bilgarasje. Nordre delen av huset har tørke for tørking av grasprøver, og rommet over trevet blir nytta som lagerplass.

Bygningshistorikk

1938	1939	Oppført som vognskjul og vedskåle av E.Erikson & Son
1990		Vedskålen som stod vinkelrett på bygningen der det no er parkeringsplass vart riven, og huset jekka opp og fekk støypt ringmur.

Vern

Formål:	Ta vare på denne bygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø i overgangen mellom det indre og ytre tunet frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.
Begrunnelse:	Huset representerer ein typisk og naudsynt funksjon på forsøks garden som lagerplass for hestereiskap og som vedlager. Vedproduksjon- og vedlagerdelen var eit vinkelbygg som er rive. Huset er ein del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om Løken som forsøks gard for fjellbygdene og prestegard.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 4999 PARKERINGSBUS

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 5000 VERKSTED/SMIE

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 158228874
Gnr/bnr: 34/1
Oppført: 1850
Byggherre: Staten v/Kyrkjedepartementet
Arkitekt: Ukjend
Opprinnelig funksjon: Landbruk
Nåværende funksjon: Landbruk
Bygningsart: Bolig
Regulering: Uregulert: null
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Huset vart flytta hit i 30-åra og sett på ein ringmur av hoggen stein. Smiedelen har fått støypt golv. Dette er eit tømmerhus tekt med stein frå Valdres Skiferbrot.

Sammendrag bygningshistorie

Smia er opphavelig ei frittstående sidefløy til hovudbygningen som vart bygd i 1850 og flytta hit i 1930-åra. Fløya har vore omtala som drengestova, i alle fall har det budd tenestefolk i huset. Den andre sidefløya, omtala som bryggerhuset, vart på same tid riven på grunn av roteskadar.

Smia har i dag to rom, men hadde opphavelig tre rom delt av med tømmerveggar. Huset har spor i vegg etter ei tidlegare inngangsdør og gavlveggen i vest har fått stor portopning. Som smie er huset funksjonelt og inntakt. Det andre rommet blir nytta som "snikkarbod" for gjennomføring av diverse trearbeider.

Bygningshistorikk

1850	Huset var oppført som fløybygning til hovudbygningen, truleg under namnet drengestova. Den andre fløybygningen vart kalla for bryggerhuset.	
1930	1940	Flytta til noverande tomt og seinare nytta som smie og til trearbeid.

Vern

Formål: Ta vare på denne bygningen i seg sjølv og som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø på Løken frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.

Begrunnelse: Huset har ei interessant historie som opphavleg sidefløy til hovudbygningen, teikna av Sverderup og Linstows etter ein typeplan som Kyrkjedepartementet gav ut 1835. Etter flyttinga vart huset innreidd som gardssmie som framleis er i funksjon og snikkarverkstad. Gardsmier er det få att av i landet. Huset representerer ein verdifull bygningstype og huset har verdi som del av eit verneverdig kultur- og bygningsmiljø.

Omfang: Eksteriør.

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning

BYGNING 5000 VERKSTED/SMIE

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Fasade søraust Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5001 HØNSEHUS

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 158225565
Gnr/bnr: 34/1
Oppført: 1800
Byggherre: Staten v/Kyrkja
Arkitekt: Ukjent
Opprinnelig funksjon: Landbruk
Nåværende funksjon: Landbruk
Bygningsart: Fjøs/stall
Regulering: Uregulert: Byggeåret er ukjent.
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Huset har to lafta kjerner med ope rom mellom med skifertak over. Den øverste delen er eldst med sekskantlaft, og er den eldste bygningen på Løken. Den ytterste delen er eit hus flytta hit seinare, og bygd saman med tak til den eldre bygningen.

Sammendrag bygningshistorie

Hønsarhuset står oppført i 1800. Det er eit svært usikkert årstal, men den eldste delen var i alle fall bygd før 1850. Den eldste delen av huset med sekskantlaft var vanleg på 1650-1750-talet. Huset har to avdelingar med ein skut imellom. Den eldste delen er eit hus som har stått her frå gammalt, medan det sørlige del av huset er flytta frå det gamle tunet som låg på Midtbeitet på den tida sør Løken vart eigen prestegard i 1849. Det var truleg då dei to husa vart bygd saman med eit tak. Dette er tilsvarende det som er omtala vedrørande den gamle løa på Berset.

Hønsarhuset er også kalla geitefjøsset, men det har hatt mange ulike funksjonar gjennom tidene. Den eldste delen har vore brukt som badstove, tørkestove og som smie. I dag blir huset nytta som lager.

Vern

Formål: Ta vare på det eldste huset på Løken som eit typisk hus på gardsbruk før 1850, og som del av eit verdifullt kulturmiljø frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.

Begrunnelse: Bygningen er den eldste bygningen på Løken. Dette er eit typisk hus på gardsbruk før det første hamskiftet, då det var vanleg med mange ulike bygningar for ulike funksjonar. Dette er også ein bygningstype som er i ferd med å bli borte. Huset ligg i utkanten av tunet, men representerer ein verdi for heilskapen på Løken som presteenkesete, prestegard og forsøksgard.

Omfang: Eksteriør

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning

Interiør

Interiørnr:
Interiørmavn:
Beskrivelse: Ikkje interiør

BYGNING 5001 HØNSEHUS

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Fasade sørvest Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 11722 FORSØKSLÅVE

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158228823
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1953
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Fylkesagronom Kr. Herberg, Odnes
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Driftsbygning
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Forsøkslåven er reist på betongpillarar og bygd i vinkel på driftsbygninga og oppført av panelt bindingsverk. Taket er tekt med skifer frå Valdres Skiferbrudd. Huset vart i 1981 ombygd og fekk isolerte rom.

Sammendrag bygningshistorie

Forsøkslåven er bygd i vinkel på driftsbygningen for å kunne drive med forsøkteknisk arbeid av ulike slag. I 1981 vart huset ombygd og fekk isolerte rom og plass til funksjonane som huset framleis blir nytta til. 1.etasje blir nytta til tørking, lagring og preparering av grasprøver for analysering, og 2.etasje inneheld treske- og reinseutstyr for frø og eit frølager. Då planteforedlinga på Løken vart flytta til Graminor, vart arbeidsoppgåvene i 2. etasje vesentleg reduserte.

Bygningshistorikk

1953	Huset oppført til forsøksformål etter teikningar av Kr. Herberg, Oslo
1981	Forsøkslåven vart ombygd og modernisert med tørkeskap og rom for lagring og preparering av grasprøver i 1. etasje og treske- og reinserom med frølager i 2. etasje, Ombygginga skjedd etter teikningar av arkitekt Ivar Bu

Vern

Formål:	Ta vare på denne bygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard
Begrunnelse:	Forsøkslåven vart bygd for å ha eit hus der ein kunne drive forsøkteknisk arbeid innan planteforedling, jord- og plantekultur. Dette var eit svært kaldt arbeid vinterstid, og fordi forsøksoppgåvene endra seg vart låven ombygd, modernisert og isolert i 1981. Tilsvarande forsøksfunksjonar har vore utført på mange forsøksgardar i Bioforsk, og bygningen har vore og er ein viktig del av forsøkshistoria til Løken. Forsøkslåven representerer også ein verdifull del av bygningsmiljøet på Løken.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 11722 FORSØKSLÅVE

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 4986 VEKSTHUS

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158228882
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1983
Byggjerre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Drivhus
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Veksthuset er oppført på frostfri betongplate med støypte vingar. Veggjar og tak er av plast, med automatisk styrte lufteluker i mønet. Veksthuset er eit standardveksthus det finns mange av i landet.

Veksthuset er bygd inntil ei trebygning som høyrde til det gamle veksthuset som vart rive. Trebygningen har støypt kjellar, isolerte veggjar av bindingsverk med ståande ytterkledding og tak med skifer frå Valdres Skiferbrudd

Sammendrag bygningshistorie

Dette bygget vart bygd to år etter kryssingsveksthuset, men bakgrunnen for bygget var den same, og det var å få gjennomført grovfôrprogrammet som Norges Landbruksvitenskapelege Forskningsråd (NLVF) vedtok i 1980. (Viser til omtalen for kryssningsveksthuset)

Formålet med å byggje veksthuset var å kunne ale opp planter som seinare vart sett ut i kryssingsveksthuset for kryssing. I dette huset varte det sådd foredlingsmateriell som vart prikla og omplanta i pottar, og etter kryssing i kryssingsveksthuset utprøvd i felt kring i landet. Etter denne testinga vart det godkjend nye sortar som var betre enn det landbruket hadde frå før.

Då planteforedlinga i Bioforsk vart overført til Graminor vart funksjonen til bygninga sterkt redusert.

Vern

Formål:	Ta vare på ei bygning som dokumenterer ein viktig del av forskingshistoria, ikkje berre på Løken, men for heile Bioforsk
Begrunnelse:	Grunngjevinga er å ta vare på ein bygningstype som vart etablert som følgje av ei nasjonal satsing på planteforedling i Norge kring 1980. Ivaretaking av denne bygningen må sjåast i samanheng med vernet av kryssingsveksthuset.
Omfang:	Eksteriør.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring



Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 4993 KRYSNINGSVEKSTHUS

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	7769547
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1981
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjend, importert frå England
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Drivhus
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Krysningsveksthuset står på ei frostfri støypt plate. Vegg og tak er av glas. Huset har 40 små rom for kryssing av engvekstar for å utvikle nye sortar av gras og kløver. Vifter sentralt i bygget sørgjer for overtrykk og vind i krysningsromma både for å få til krysstøving mellom aktuelle plantesorar, og for å hindre kryssing med ukjende sortar utanifrå.

Sammendrag bygningshistorie

Planteforedling/sortsutvikling i jordbruksvekstane var ei viktig oppgåve på mange forsøksgardar. Løken har hatt stor verksemd på området heilt frå starten. Løken har arbeidd mest med utvikling av nye sortar av gras og kløver.

Bakgrunnen for bygging av kryssingsveksthuset og dyrkingsveksthuset var Grovfôrprogrammet som Norges Landbruksvitenskapelege Forskningsråd (NLVF) la fram i 1980. Då skjedde det ei satsing som førte til at tilsvarande veksthus også vart bygd på Holt, Vågønes, Kvithamar og Fureneset.

Då planteforedlinga i Bioforsk vart overført til Graminor i 2002 var funksjonen til husa borte, men i 2007 vart huset teke i bruk att til formålet ved at Graminor leiger veksthusplass på Løken.

Vern

Formål:	Ta vare på ei bygning som dokumenterer ein viktig del av forskingshistoria, ikkje berre på Løken, men for heile Bioforsk.
Begrunnelse:	Grunngevinga er å sikre ein bygningstype som vart etablert som følgje av ei nasjonal satsing på planteforedling i Norge kring 1980. Av dei 40 gras- og belgvekstsortane som Bioforsk har laga gjennom tidene er 17 sortar utvikla på Løken og dei fleste av desse i denne bygningen. Kryssingsveksthuset blir verna fordi det representerer ein stor og viktig epoke i historia til Bioforsk. Veksthusa på Løken inngår også som eit vesentleg element i bygningsmiljøet på Løken.
Omfang:	Eksteriør.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring



Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5004 GML FJØS TINDEN

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158225581
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1855
Byggherre:	Ukjend
Arkitekt:	Ukjend.
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Fjøs/stall
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført av tømmer på bruddsteinsmur og på trestolpar med steinblokk under. Taket er tekt med skifer frå Valdres Skiferbrudd.

Sammendrag bygningshistorie

Ein reknar med at fjøset vart bygd midt på 1850 talet, omlag samstundes med bustadhuset. Huset er ikkje endra etter at det vart bygd. Kor lenge det var husdyr her kjenner ein ikkje til. Huset blir i dag nytta som vedlager mv for dei som til ein kvar tid bur på Tinden. Tidlegare var det også ein fórlåve på bakken på utsida av fjøset.

Vern

Formål:	Ta vare på fjøset som eitt av tre eldre bygningar på husmannsplassen Tinden, som utgjør eit verdifullt bygningsmiljø frå tida som presteenkjøsete, prestegard og forsøksgard.
Begrunnelse:	Huset representerer eit døme på eit fjøs som truleg var nokså typisk på tidlegare husmannsplassar i området. Huset representerr ein del av kulturmiljøet på Tinden, som elles har to eldre hus, bustadhus og stabbur. Huset og plassen er ein viktig del av historia til Løken.
Omfang:	Interiør og eksteriør.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring



Fasade aust Foto: Håkon Skarstad



Fasade vest Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5002 STABBUR TINDEN

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158225573
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1885
Byggherre:	Ukjend
Arkitekt:	Ukjend.
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Stabbur
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført av lafta tømmer på bruddsteinsmur med tak tekt med hoggen skifer. Svalgangen er av panelt bindingsverk.

Sammendrag bygningshistorie

Stabburet ligg i tunet på husmannsplassen Tinden og er ikkje endra sidan det vart bygd. Alderen på bygningen er ein ikkje heilt sikker på, men bygd i perioden mellom 1875 -1892. Når det gjeld husmannshistoria til Løken viser ein til omtalen av bustadhuset. Tunet har tre bygningar, og tidlegare var det også ein låve på nedsida av fjøset som er rive.

Vern

Formål:	Ta vare på stabburet som eitt av tre eldre bygningar på husmannsplassen Tinden, og som i seg sjølv og som del av eit verdifullt bygningsmiljø frå tida som forsøksgrad for fjellbygdene og prestegard.
Begrunnelse:	Stabburet er ei tradisjonell eldre bygning som er ein del av kulturmiljøet på husmannsplassen Tinden som elles har to eldre hus, bustadhus og fjøs. Huset og husmannsplassen viser ein del av historia til Løken.
Omfang:	Eksteriør.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring



Fasade nordvest Foto: Håkon Skarstad



Fasade sør Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 4997 BOLIGHUS TINDEN

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158225603
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1854
Byggherre:	Ukjend
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Bolig/bosetning
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen har ein tjukk grunnmurkjerne av stein under det som var den opphavelege husmannsstova. Huset er seinare påbygd og endevend mange gonger både i høgde å breidde, og har i dag 1 1/2 etasje. Bygningen framstår som ein nokså vanleg einestad i området og taket er tekt med stein frå Valdres Skiferbrudd.

Sammendrag bygningshistorie

Tinden er ein gamal husmannsplass, som i eldre papirer også er omtala som Marken. I dag er det tre hus på husmannsplassen, men tidlegare stod det også ein förlåve ute på bakke ved fjøset. Bustadhuset er gammalt, truleg bygd like etter att Løken vart prestegard. Mange ombyggingar gjer at huset framstår som ein relativt vanleg bustad i området. Korleis bygningen såg ut i førstninga er noko uklart, men det ligg føre teikningar frå 1927 som viser at den gamle husmannstova omfatta det som i dag er kjøken og daglegstove. Det vil seia eit hus i ein etasje, med grunnflate på 48 m² og med ein liten steinkjellar under. Huset hadde då inngang frå tunsida.

Når den siste husmannen budde på Tinden er ikkje kjend, men det kan i denne samanhengen nemnast at husmannsplassane Jordet, Høvda og Haukhøvd vart sjølvstendige gardar på 1920-talet.

Det er sikre kjelder som viser at huset vart påbygd med det som i dag er inngangen og ei ekstra stove i 1927. Då vart også huset løfta til å bli eit hus i halvannen etasje, med soverom oppe. Byggearbeidet vart utført av E. O. Kongslie. Seinare er inngangen flytta gjennom eit tilbygg på vestsida av huset, slik det er i dag. Huset har elles fått ny ansiktsløfting både innvendig og utvendig, seinast i 1990 då det også fekk ny ytterkledning.

Eit kart, datert 26/6 -34, viser ein hageplan/planteplan for uteanlegget på Tinden utført av fylkesgartnarassistent Sig. Sørum. Her er Tinden omtala som hage ved Tinn.

Huset har tent som husvære for tilsette på Løken og var ei tid også nytta som styrbustad. I den seinare tida har huset vore leigd ut.

Bygningshistorikk

1800	Byggeåret er ukjend, men det var truleg før Løken vart prestegard i 1850
1927	Bygningen vart påbygd i breidda og heva til 1 1/2 etasje.
1990	Huset som etter 1927 har hatt fleire oppussingar, fekk den siste oppussinga i 1990, mellom anna med ny ytterkledning.

Vern

Formål:	Ta vare på bustadhuset som eitt av tre eldre bygningar på husmannsplassen Tinden, som saman utgjer eit verdifult bygningsmiljø frå tida som forsøksgard for fjellbygdene og prestegard.
Begrunnelse:	Huset representerer ein del av kulturmiløet på husmannsplassen Tinden, som elles har to eldre hus, fjøs og stabbur. Huset og husmannsplassen er ein viktig del av historia til Løken.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring

BYGNING 4997 BOLIGHUS TINDEN

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



BYGNING 4989 SETERHUS BERSET

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 158267403
Gnr/bnr: 34/1
Oppført: 1875
Byggherre: Kyrkjedepartementet.
Arkitekt: Ukjend.
Opprinnelig funksjon: Landbruk
Nåværende funksjon: Fritid
Bygningsart: Seterbu
Regulering: Uregulert: null
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er eit eldre sel i tømmer som er panelt og tekt med hoggen skifer. Bislaga er oppført seinare. Huset står på steinmurar, og har ein liten steinkjellar midt under.

Sammendrag bygningshistorie

Seterhuset eller selet, ligg på stølen i Øystre Slidre statsallmenning. Presten Ruge (var ein av pionerane som innførte poteten til Norge) skreiv at han i 1743 var på Berset. Det er også kjelder som fortel at Berset ein gong i tida var felæger, det vil seia at det var gardar kring Mjøsa som nytta stølen.

Løken har i tillegg til Berset hatt støl på Yddestølen, ein støl som to av husmannsbruka fekk overta. Løken har truleg også hatt to heimstølar.

Stølen på Berset, 1000 moh., har i tillegg til stølsdrifta vore nytta til å teste ut hardført plantemateriale og for å drive ulike dyrkingsforsøk i fjellet. Stølsgrenda kan bli ein del av eit Landskapsvernområde som er under planlegging i samband med utvidinga av Ormtjernkampen Nasjonalpark.

Huset er gammalt, truleg frå 1875, men det kan vera eldre. Huset har endra karakter og er ombygd fleire gonger. Då Løken vart forsøksgard fekk presten disposisjonsretten til eine delen med inngang gjennom bislaget i aust. Forsøks garden hadde inngang frå langveggen på sørsida av huset. Når bislaget i vest vart bygd og inngangen flytta hit kjenner ein ikkje til, men ein har sikre opplysningar om at huset vart renoverert i 1938-39, så truleg skjedde det då. Innvendig har huset framleis karakter av ombygginga som skjedde føre krigen. Det siste 10-året har huset fått ny ytterkledning og nye vindauger omlag i same stil som tidlegare. Huset blir i dag leigd ut.

Bygningshistorikk

1875		Den eldste delen kan vera oppført då, men det kan vera ein kjerne som er endå eldre
1922	1978	Då Løken vart forsøks garden i 1922, fekk presten bruksrett i eine enden av selet og då vart bislaget i aust truleg bygd. Selet vart ombygd både innvendig og utvendig i 1938-39. I 1950-60-åra skjedde det ei omfattande nydyrking på stølen og forsøks garden nytta Berset som støl med mjølkeproduksjon fram til 1978. Huset vart fram til då også nytta som tilhaldstid og overnattingsstid for onnefolket, og budeia hadde også nybrottsfolk i kosten.
1978	2000	I denne perioden vart huset lite nytta. Sidan det ikkje var budeie her lenger vart det til at slåtteleiinga reiste opp og ned til bygda kvar dag.
2000		Dei siste åra har selet vore leigd bort, med krav til leigetakaren om at han skal ta vare på huset slik det er og halde det i stand. Ny ytterkledning og vindauger er skifta ut i same stil som tidlegare.

Vern

Formål: Ta vare på ei gamal bygning som eit viktig element i kulturlandskapet og for å vise at stølsdrifta var ein viktig del av drifta på Løken både som forsøks garden for fjellbygdene og prestegard.

Begrunnelse: Selet representerer saman med nabostølen Idstad eit svært synleg og verdifullt kulturmiljø i stølsgrenda Berset. Bygningen har tent mange ulike formål, ikkje berre som ledd i stølsdrifta, men mellom anna også som ledd i testing av plantemateriale og for å drive dyrkingsforsøk i fjellet. Huset er godt tatt vare på og i liten grad endra karakter etter 1940.

Omfang: Eksterior.

Vernekategori: Verneklasse 2, bevaring

BYGNING 4989 SETERHUS BERSET

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Fasade søraust Foto: Håkon Skarstad



Fasade nordvest Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 11723 LØE BERSET

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158267381
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1800
Byggherre:	Ukjend.
Arkitekt:	Ukjend.
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Låve
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	Automatisk fredet etter kulturminneloven §4



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Løa på Berset inneheld to lafta kjerner som er samanbunde med eitt tak som er tekt med Valdresskifer og med eit ope parti imellom. Huset står på ein enkel steinmur. Dette er same bygningstype som hønehuset/geitehuset på Løken.

Sammendrag bygningshistorie

Huset står på stølen Berset i Øystre Slidre statsallmenning. Kor gammalt huset er kjenner ein ikkje til. Bygningstypen tilseier at huset er frå før 1850, men dei to tømrakassane synes vera av ulik alder. Det synes som eine delen av huset er lafta opp av tømmer som er henta frå andre hus noko som var vanleg før. Den eldste delen av huset kan ha stått der alltid, men den nyare delen er truleg flytta hit og bygd saman med det eldre med eit tak. Det er i så fall gjort tilsvarande som hønehuset på Løken.

Dette er ei løe der dei lagra høy for heimkøyring på vinterstid, men løa har ikkje vore brukt til formålet på mange år. Huset kan også ha vore nytta som tilhaldstad for dyr om sommaren, men i dag står huset tomt.

Vern

Formål:	Ta vare på ei gamal bygning av ein bygningstype som viser kor viktig fjellet og stølsdrifta har vore for Løken som forøksgard for fjellbygdene og prestegard.
Begrunnelse:	Dette er ein gamal bygningstype det er få att av og som er typisk for bygningar frå før det første hamskiftet. Henting av vinterfôr frå fjellet var ein viktig føresetnad for å kunne fø ein stor nok buskap gjennom vinteren. Bygningen er ein dokumentasjon på dette og viser kor viktig fjellet og stølsdrifta var for Løken som prestegard og forsøksgard.
Omfang:	Eksteriør.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring

BYGNING 11723 LØE BERSET

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Fasade aust Foto: Håkon Skarstad



Fasade søraust Foto: Håkon Skarstad



Foto: Håkon Skarstad



Fasade nordaust Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 4992 FORSØKSLÅVE BJØRNHAUG

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	158267241
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1930
Byggjerre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Offentlig forvaltning
Bygningsart:	Driftsbygning
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Forsøkslåven på Bjørnhaugmyra er oppført i reisverk, der eine delen, som var opphaldsrom, er kledd innvendig. Den andre delen, som var lagerrom for reiskap, har berre ytterkledding. Huset står på hjørnesteinar på dårleg byggegrunn. Taket er tekt med bølgeblikk.

Sammendrag bygningshistorie

Arealet på Bjørnhaugmyra vart utvist i 1924 for å drive jord- og plantekulturforsøk på myr i fjellet. Bjørnhaugmyra ligg omlag 950 moh. Huset ligg i Øystre Slidre Statsallmenning i eit område som truleg blir verna i samband med utvidinga av Ormtjernkampen Nasjonalpark som er under arbeid.

Forsøkslåven vart oppført kring 1930. I tida mellom 1975- 87 var det stor aktivitet for å få dette huset rive, fordi det i følgje fjelloven hadde gått meir enn 20 år sidan huset var i bruk. Det var ikkje ynskjeleg at dette skulle utvikle seg til å bli ei hytte. Resultatet vart at huset kunne stå, men pipa skulle rivast. Huset har likevel vore brukt seinare av andre enn Løken, for pipa har kome opp att. Brukarane har og sikra at huset ikkje har sokke ned i myra.

Bygningshistorikk

1930 Huset vart oppført. Huset inneheld opphaldsrom og låve/redskapslager. Forsøksverksemda her vart truleg avvikla kring 1960.

Vern

Formål:	Ta vare på ei bygning som vart oppført i 1930 for å utføre dyrking-og engvekstforsøk på myr i fjellet.
Begrunnelse:	I mellomkrigstida med nedgangstider, var det ei brei satsing i landet for å auke jordbruksarealet. Ikkje minst var det sterk fokus på å kunne ta myrareal i bruk. I fjellbygdene var myrene i stølsområda spesiell interessante, og Bjørnhaugmyra, som ligg to kilometer innanfor Berset, var ei myr som var eigna til formålet. Bygningen dokumenterer ein tidsepoke då det var viktig å kunne nytte og utvikle potensialet fjellet hadde for å styrke forgrunnlaget til bureisingsbruk og små gardsbruk elles. Myr dyrking skjedde det over heile landet, ikkje minst i regi av Det Norske Myselskap og Selskapet Ny Jord. Dette er truleg den einaste bygningen i sitt slag som det vert tatt vare på.
Omfang:	Eksterior og interior
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 4992 FORSØKSLÅVE BJØRNHAUG

Kompleks 1845 BIOFORSK ØST, LØKEN



Fasade søraust Foto: Håkon Skarstad

KOMPLEKS 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD



Bygnings- og eiendomsdata

Fylke:	Finnmark
Kommune:	2030/Sør-Varanger
Opprinnelig funksjon:	Demonstrasjon- og forsøksgard
Nåværende funksjon:	Miljøsentor
Foreslått vernekategori:	Verneklasse 1, fredning
Totalt antall bygg:	18



Bygningsoversikt, omfang vern

Byggnr	Byggnavn	Oppført	Verneklasse	Omfang	GAB nr	Gnr/Bnr
5148	BESTYRERBOLIG	1935 - 1936	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør/Utomhus	193101151	20/71
5150	DRENGESTUE	1935	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Utomhus	193167535	20/71
5151	DRIFTSBYGNING	1937	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Utomhus	193101135	20/71
5157	KONTOR-/LAB.BYGNING	1992	Verneklasse 2, bevaring	Eksteriør/Utomhus	15213183	20/71
5155	STABBUR	1939	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Utomhus	193101186	20/71
5152	TIDL. HØNSEHUS	1947 - 1950	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Utomhus	193101143	20/71
11737	VAKTÅRN H96	1954	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør	Ukjent	20/71

Vern kompleks

Formål:	Ta vare på det opphavelge tunet på Svanhovd med bjørkeallè som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising i Pasvikdalen som ledd i kolonialiseringa av Pasvikdalen.
Begrunnelse:	<p>Ta vare på tårnet som vart bygd i 1954 for å overvake Russland og Nikel, eit tårn som erstatta eit tårn bygd i 1935 for å få turisttrafikken over frå finsk til norsk side, og som vart nytta som vaktårn av tyskarane under krigen og som brann ned i 1944.</p> <p>Svanhovd representerer ei særmerkt del av forsøks historia. Svanhovd er ein del av Bioforsk si historie, men Svanhovd vart i første rekke etablert som ledd i fornorskingspolitikken i mellomkrigstida. Oppbygginga var ein del av ein aktiv statleg politikk for å sikre norsk busetting i grenseområdet mot Finland, der det også var finsk og samisk busetting.</p> <p>Svanhovd vart etablert i 1934 som Statens demonstrasjons- og forsøksgard med læringeplassar for at bureisarane med sjølvsyn skulle få sjå korleis eit moderne gardsbruk skulle drivast. Svanhovd spela ein vesentleg rolle når det gjeld koloniseringa og bureisinga i dalen.</p> <p>Svanhovd er også ein del av krigshistoria i Norge. Her budde det omlag 250 tyske soldatar under krigen, og anlegget er eit av svært få bygningsmiljø i Øst-Finnmark som ikkje vart brend ned i 1945.</p> <p>Anlegget som vart bygd opp føre krigen er tatt godt vare på i sin opphavelge tilstand og utgjer ein verdifull heilskap. Anlegget har høg bygningshistorisk verdi og står som eit sjeldan eksempel på landbruksarkitektur som følgje av statleg engasjement i Finnmark på 1920-30 talet. Det er mange spor både i eksteriør og interiør som formidlar nasjonale ideal og ambisjonar på den tida. Anlegget er eitt av dei få verk av arkitekt Harald Sund som er att i Nord-Norge.</p>
Omfang:	<p>Vernet omfattar tunet og alléen inn til forsøks garden, med hovudbygning, drengestue, stabbur, hønses hus og driftsbygning og den nye kontor -og laboratoriebygningen med kurs- og konferansesenteret.</p> <p>Vernet omfattar i tillegg vaktårnet som ligg eit stykke frå garden, og som Svanhovd for nokre år sidan overtok ansvaret for.</p>

Beskrivelse kulturmiljø

Bygningsmiljøet er prega av eit indre gardstun som opnar seg når ein forlet bjørkealléen inn på tunet. Svanhovd er i tillegg til flate jordbruksareal omkransa av slake lier med bjørk og furuskog. Langs alléen inn til tunet er det også ein velstelt botanisk hage, den einaste i sitt slag i Finnmark.

Inntil det gamle gardstunet ligg sjølve kontor- og laboratoriebygningen, med kurs og konferansesenter, og i randsonene til tunet, bustader, verkstadsbygningar og garasjar, og fem kilometer unna ligg det særmerkte og verneverdige vaktårnet H96.

Kulturmiljøet på tettstaden Svanvik, like ved Svanhovd har ei interessant historie sidan det var den første styraren på Svanhovd, Sverre Mosling, som utarbeidde reguleringsplanen for Svanvikområdet.

KOMPLEKS 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD

Eiendomshistorikk

Svanhovd vart bygd opp under bureisinga i Pasvikdalen i 1934 som Statens demonstrasjons- og forsøksgard med lærlingeplassar. Ein skulle her få sjå og lære korleis eit moderne gardsbruk skulle drivast. Garden skulle ha kontrollavlsstasjon for høns og vera svinavlsstasjon, og vera administrasjonsetret for Statens Bureising.

Frå gammalt (1775) hadde det vore ein viss bureising i Pasvikdalen, men når staten no bygde opp Svanhovd, så var det mellom anna også for å sikre norsk busetnad i dette grensestroket. Bureisinga i Pasvikdalen var ein viktig del av fornorskingspolitikken i området, og eit politisk ynskje om å markere norsk territorium. Svanhovd vart etablert som ein lekk i dette, og saman med oppbygginga av industrisamfunnet Sør-Varanger førte det til folketalsvekst og bygging av skole, kyrkje og vegar i dalen.

I 1940 sette tyskerne opp fire bygningar på Svanhovd, og det bodde 250 soldater her. Hønehuset som stod uferdig brende dei ned, men Svanhovd vart spart for "den brente jords taktikk" under tilbaketrekkinga 18. oktober 1944. Russarane reiv sommarfjøset og forlet landet i 1945. I 1945 fungert Svanhovd som husvære for huslause nordmenn og som telefonstasjon og folkeskole.

Svanhovd vart ein del av Statens forskingsstasjonar i landbruk i 1987, og omorgansiert og etablert som miljøsender i 1993. Svanhovd miljøsender vart oppretta gjennom eit samarbeid mellom Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet, Finnmark fylkeskommune og Sør-Varanger kommune. Svanhovd som miljøsender skulle arbeide med natur - miljø- og landbruksfaglege spørsmål. Oppbygginga kom delvis som ein følge av nedbygginga av AS Sydvaranger og oppløysinga av Sovjetunionen, der ord som glasnost og perestrojka ofte vart brukt. Svanhovd kunne dermed bli eit naturleg knutepunkt i det grensenære norsk-russiske miljøsamarbeidet.

I 1997 vart Svanhovd utvida ved utbygging av eit kurs- og konferansesenter, med konferanseserom og 45 overnattingsrom. I 1999 var Svanhovd botaniske hage opna som det einaste i sitt slag i Finnmark.

Svanhovd er i dag ei FoU-eining under Bioforsk Jord- og Miljø med oppgåver knytt til natur- miljø- og landbruksfaglege spørsmål i Barentsregionen, Sporing av bjørn ved hjelp av DNA-analysar er eit viktig fagfelt. Nasjonalparksenteret for Øvre Pasvik nasjonalpark har i dag tilhald på Svanhovd, likeins beredskapsavdeling til Statens strålevern, to private firma og Posten.

Verneverdige bygg

Byggnr: 11737
GAB nr: Ukjent
Navn: VAKTTÅRN H96
Byggeår: 1947



Byggnr: 5148
GAB nr: 193101151
Navn: BESTYRERBOLIG
Byggeår: 1936



Byggnr: 5150
GAB nr: 193167535
Navn: DRENGESTUE
Byggeår: 1935



Byggnr: 5151
GAB nr: 193101135
Navn: DRIFTSBYGNING
Byggeår: 1937



Byggnr: 5152
GAB nr: 193101143
Navn: TIDL. HØNSEHUS
Byggeår: 1950



Byggnr: 5155
GAB nr: 193101186
Navn: STABBUR
Byggeår: 1939



Byggnr: 5157
GAB nr: 15213183
Navn: KONTOR-
/LAB.BYGNING
Byggeår: 1992



KOMPLEKS 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ,SVANHOVD

Utomhusanlegg

Elementnr:

Elementnavn:

Beskrivelse: Bjørkealléen på begge sidene av innkjørsla til miljøsenenteret vart planta i 1937.

Det gamle tunet er eit firkanttun omkransa av bygningar på tre sider og med plenareal i midten



Fasade søraust Foto: Håkon Skarstad



Fasader nordaust Foto: Håkon Skarstad



Fasade nord Foto: Håkon Skarstad



Fasade sørvest Foto: Håkon Skarstad




BYGNING 5148 BESTYRERBOLIG

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ,SVANHOVD

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	193101151
Gnr/bnr:	20/71
Oppført:	1935 - 1936
Byggjerre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Harald T. Sund
Opprinnelig funksjon:	Bolig/bosetning
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Styrarbustaden er ein austnorsk villatype i nyklassistisk stil tilpassa ein noko anleis funksjon. Huset i to etasjar står på ein full kjellar i betong. Ytterkledninga er tømmermannspanel, stort sett slik det opphavelg var. Taket er kledd med lokalprodusert flat betongstein. Gerikten over hoveddøra er original, men døra er skifta ut. Likeeins er troppa inn til huset skifta ut med ei industritropp i ekstrudert aluminium. Den ytre kjellardøra er original, men dei andre ytterdørene er skifta ut. Alle vindaugo er skifta ut med husmorvindaugo med utvendige sprosser.

Sammendrag bygningshistorie

Arkitektoppdraget for styrarbustaden på Svanhovd fekk Harald T. Sund (1876-1940). Sund var sterkt inspirert av norsk byggeskikk og arkitekturhistorie. Han omsatte eldre arkitektur til eit moderne prega formspråk utan å kopiere førebilete. Han stod for ei nøktern formgiving og denne bygningen er eitt av dei få profane bygningar som Sund teikna som står att og som ikkje vart brend ned i 1945.

Huset er utvendig slik det vart bygd, men med visse utskiftingar av dører og vindaugo. Innvendig har det skjedd ein del moderniseringar.

Bygningshistorikk

1935	1936	Dette huset vart bygd som styrarbustad. Huset er eit våningshus av austnorsk type i nyklassistisk stil
1950		Den metta engelskraude farga på huset vart erstatta med lys gul farge slik huset har i dag.
1979		Alle vinduge blei skifta ut med husmorvindaugo med utvendige sprosser, bortsett frå loftsvindago som er originale. Utvendige dører er også skifta ut, bortsett frå ei kjellardør.
2006		Huset blir restaurert og modernisert innvendig tilpassa bruksbehovet i dag.

Vern

Formål:	Ta vare på hovudbygningen i seg sjølv og som ein viktig del av tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Begrunnelse:	Bygningen vart oppført saman med fire andre bygningar og inngår som ein viktig del av det indre tunet i vest. Denne bygningen saman med dei andre er eit dei få byggverk som står att etter arkitekt Harald T. Sund. Bygningen og bygningsmiljøet fortel om kolonialiseringa av Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.
Omfang:	Eksterior og interior.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 5148 BESTYRERBOLIG

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ,SVANHOVD

Interiør

Interiømr:

Interiørmavn:

Beskrivelse: Styraren som lokal norsk "embetsmann" fikk respekt ut frå korleis han budde og gjennom romprogrammet til bustaden. Inngangshallen med kamin/garderobe av jugendgrunntypen er for denne bygningen redusert til gang. Dette kan vera eit funksjonalistisk trekk. At det ikkje er utgang mot hagen understrekar "hovudbygning med norsk storgardspreg", der hallen som var vanleg er redusert til ein gang.

Opphavelag hadde huset ein borgarleg innretta plan med samanhengjande stove og spisestove med skyvedører mellom stovene. Vidare røykerom og kontor mot tunet.

Plantypen har jugendpreg.

1. etasje inneheld kjøken, daglegstove (spisestove), storstove, røykerom, spiskammers, garderobe, entré, kjøkengang og vindfang. 2. etasje inneheld kontor, gjesterom, to soverom, bad og pikeværelse.

Det er slett vekselpanel på veggane. Vekselpanelet i himlinga er skifta ut og kledd med plater, og det er nye profilerte fliser på golvet. Fyllingsdørene er det tatt vare på. Dørene er empireprega med fire liggjande rektangulære slette fyllingar med enkel plattprofil. Dei opphavelage dørlinkene er enkle i støypt messing. Innvendig tropp er tatt vare på.

Troppa er empireprega med slette spiler i gelenderet. Handløparen sluttar i ein enkel flat volutt, skåre ned i ein profilert meglar. Jarnommen i empirekopi er tatt vare på i eitt av soveromma.



BYGNING 5148 BESTYRERBOLIG

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Fasade sørvest Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 5151 DRIFTSBYGNING

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ,SVANHOVD

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	193101135
Gnr/bnr:	20/71
Oppført:	1937
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Harald T. Sund
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Driftsbygning
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	

Sammendrag bygningsbeskrivelse

Fasaden til driftsbygninga frå 1937 er omlag slik den var, bortsett frå at det er bygd på ein breiare del med to siloar i aust. Det er ein silo på kvar side av køyrebrua som tidlegare var av tømmer, men som utvendig no er i betong. Vindaugo i fjøset var opphavelag småruta glas med tre ruter i høgda. Eitt slikt vindaugo står att i gavlen. Bygget har ei utkraging i andre etasje. Huset har tømmermannspanel i første etasje og slett låvepanel i andre etasje med liggjande panel i gavlen. Gjødselkjelleren er av betong. Takstolkonstruksjonane er endra etter 1936-37. Mellom anna er innvendig køyrebru fjerna, låven opna opp og gjeve rom for innstallering av elektrisk skinne og heis med høyrabb.

Sammendrag bygningshistorie

Huset ser ut som driftsbygningar flest i Norge, med husdyrrom for mjølkeku i første etasje og låvebru og lagerrom for høy i andre etasje. Bygningen har gjennom åra endra karakter gjennom påbygging av siloar og ved at den opphavelge køyrebrua er fjerna og takkonstruksjonen endra slik at takstolane på låven er opne og frittberande. Fjøset har dessutan fått tette gjødselportar og våtkomposteringsanlegg for husdyrgjødsla. Huset var i bruk for mjølkeproduksjon fram til 2005.

Bygningshistorikk

1935	Driftsbygningen vart oppført.
1951	Påbygd med ein ny silo.
1966	Takstolane vart opne og frittberande
1970	Fjøset vart utvida og modernisert.
1975	Ny modernisering og utviding.

Vern

Formål:	Ta vare på driftsbygningen i seg sjølv og som ein viktig del av det gamle tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i kolonisering av Pasvikdalen, som miljøcenter og i dag FoU-eining i Barentsregionen.
Begrunnelse:	Bygningen vart oppført saman med fire andre bygningar og dannar ein viktig del av tunet i nord. Denne bygningen er saman med dei andre eitt av dei få byggverka som står att etter arkitekt Harald T. Sund, og som ikkje vart brend ned i 1945. Bygningen og bygningsmiljøet fortel om staten si satsing i kolonialiseringa av Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning



Foto: Håkon Skarstad



Fasade sør Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5151 DRIFTSBYGNING

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 5152 TIDL. HØNSEHUS

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	193101143
Gnr/bnr:	20/71
Oppført:	1947 - 1950
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Harald T. Sund
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Fjøs/stall
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Det tidlegare hønsarhuset som også var grisehus er i dag ein lagerbygning i to etasjar. Huset står på ein grunnmur av betong og er kledd med tommermannspanel og har små toramma vindaugo. Innvendig har huset fått eternittplater og verkstadporten i vestenden er bygd seinare. Fyllingsdørene i andre etasje er originale, likeins taket som er tekt med betongstein frå området. Huset som vart oppført etter krigen er ein kopi av det som vart oppført i 1940, men som brann ned under krigen.

Sammendrag bygningshistorie

Det tidlegare høns- og grisehuset frå 1940 vart ikkje tatt i bruk på grunn av krigen. Huset brende tyskarane ned i 1944. Det noverande huset vart bygd i 1947-50 og er ein kopi av det opphævelege høns- og grisehuset. Huset har endra funksjon og vert i dag brukt som garasje, redskapshus og lagerplass.

Bygningshistorikk

1938	1944	Huset vart oppført føre krigen, men huset brende tyskarane ned i 1944
1947	1950	Ein kopi av bygninga som brann ned i 1944 vart oppført på nytt.

Vern

Formål:	Ta vare på det tidlegare høns- og grisehuset i seg sjølv og som ein viktig del av det gamle tunet som viser Svanhovd forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Begrunnelse:	Huset vart bygd omlag samstundes med fire andre bygningar og er ein del av det indre tunet på Svanhovd. Denne bygninga er saman med fire andre bygningar eit av dei få byggverk som står att etter arkitekt Harald T. Sund. Bygninga og bygningsmiljøet fortel om koloniseringa av Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 5152 TIDL. HØNSEHUS

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD




Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 5155 STABBUR

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	193101186
Gnr/bnr:	20/71
Oppført:	1939
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Harald T. Sund
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Fritid
Bygningsart:	Stabbur
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Stabburet er tømra i 1. etasje og stod opphavelg på åtte betongpillrar. Den andre etasjen har bindigsverksveggar. Den omkringgåande svalen er fiktiv. Ei avdeling utgjør den eigentlege svalen. Målinga på tømmeret er fjerna.

Opphavelg var det to separate lagerrom i første etasje. Andre etasje hadde uhøvla tømmermannspanel. Det er spor etter dei opphavelge gluggane under vindaugo. Gluggane var truleg utan glas.

Bygningen står no berre på betongpillrar i bakkant. Stabbursklokka og tårnet var ikkje med på teikninga til Sund i 1938. Dørane er nye, er i flamma panel og liknar dei opphavelge.

Sammendrag bygningshistorie

Stabburet vart bygd i 1939. Huset vart i førstninga nytta som stabbur, men helst bygd fordi det var ein naturleg del av eit gardstun. Huset vart ominnreidd til forsøksformål i 1968 og i 1991/92 vart huset gjort om til ei lita leiligheit, med kjøken, stove og fire senger.

Bygningshistorikk

1939	Stabburet vart bygd.
1968	Stabburet ominnreidd for forsøksverksemd, og vindaugo utvida.
1991	Stabburet gjort om til leiligheiter, med kjøken, stove og fire sengeplassar. Vindaugo blir utvida.

Vern

Formål:	Ta vare på stabburet i seg sjølv og som ein viktig del av det gamle tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Begrunnelse:	Huset vart bygd omlag samstundes med fire andre bygningar i samband med opprettinga av Svanhovd, og av den grunn ein del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om staten si satsing og forsøksverksemda. Huset inngår som ein viktig del av tunet i sør.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 5155 STABBUR

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Line Bårdseng



Fasade sørvest Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Fasade nordaust Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5150 DRENGESTUE

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHØVD

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	193167535
Gnr/bnr:	20/71
Oppført:	1935
Byggherre:	Landbruksdepartementet
Arkitekt:	Harald T. Sund
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Drengestova er på perspektivteikninga til arkitekt Sund teikna i to etasjar med eit vognskjultilbygg. 2. etasje har eit utkraging slik som andre etasje i driftsbygningen. Dette er eit trekk inspirert av renessanse tømmerarkitektur. I begge etasjar er det att ein del av dei opphavelige vindago, men dei fleste er husmorvindaug med utvendige sprosser. Ytterdørene er frå 1972. Bygningen er oppført i bindingsverk med tømmermannspanel. Huset var opphavleg raudmåla, men er no gul slik som styrarbustaden. Huset har original betongtakstein produsert i området.

Sammendrag bygningshistorie

Huset vart oppført som husvære for tilsette og med hyblar for lærlingar. Huset blir framleis nytta som husvære, men delar er leigd ut til kontor.

Bygningshistorikk

1935	Drengestova vart bygd i 1935 som husvære for dei tilsette. Huset hadde også kontor, snikkarverkstad og vognbu.
1951	Drengestova blir ombygd med kjøken, spisesal, rom for fire lærlingar, kontor, møtesal, snikkarverkstad og to mindre leiligheiter til agronom og røktar.
1952	Drengestova blir bygd ut med leiligheiter, kontor og snekkerverkstad i 1. etasje.
1967	Ein del av drengestova blir ominnreia til forsøkslaboratorium
1972	Vognskjuldelen blir påbygd med 2. etasje.

Vern

Formål:	Ta vare på drengestova i seg sjølv og som ein viktig del av tunet som viser Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising som ledd i koloniseringa av Pasvikdalen.
Begrunnelse:	Drengestova vart bygd som husvære for dei tilsette. Huset varrt bygd saman med med fire andre bygningar og dannar ein viktig del av tunet i sør. Denne bygningen er saman med dei andre eitt av dei få byggverka som står att etter arkitekt Harald T. Sund. Huset er del av eit bygningsmiljø som fortel om kolonialiseringa av Pasvikdalen, forsøksverksemda og staten sin sentrale rolle i området.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

Interiør

Interiørnr:	
Interiørnavn:	
Beskrivelse:	Ingen spesiell interiør

BYGNING 5150 DRENGESTUE

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD



Foto: Håkon Skarstad



Fasade søraust Foto: Håkon Skarstad



Foto: Line Bårdseng



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 5157 KONTOR-/LAB.BYGNING

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ,SVANHOVD

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	15213183
Gnr/bnr:	20/71
Oppført:	1992
Byggherre:	Bioforsk
Arkitekt:	Borgen, Bing Lorentzen og Kristina
Opprinnelig funksjon:	Undervisning/forskning
Nåværende funksjon:	Undervisning/forskning
Bygningsart:	Kontor
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	

Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er sammansett, og oppført i to fasar. Den er oppført av panelt bindingsverk og gipsplater. Fundamentet er av betong. Taket er tekt med hoggen skifer. Eit paviljongaktig rom med pyramideforma tak er utvendig dekorert med bjørkestammar.

Sammendrag bygningshistorie

Samtidig som Svanhovd vart ein del av Statens Forskningsstasjonar i Landbruk (SFL) i 1987 la ei arbeidsgruppe frå Finnmark fylkeskommune og Sør-Varanger kommune fram ein rapport med tanke på etablere eit miljøfagleg kompetansesenter for næringsutvikling i arktiske område. Dette arbeidet hadde mellom anna samanheng med nedbygginga av AS Sydvaranger, og at det var viktig å etablere ny verksemd i området.

Arbeidet med å etablere eit miljøfagleg senter vart vidareført av SFL med oppbygging av eit miljøseier med tre avdelingar. I 1991 løyver staten 10 millionar kroner til oppbygging av senteret, og i 1993 skjedde den offisielle opninga. Svanhovd var då etablert som miljøseier med ansvar for å arbeide med natur-, miljø-, og landbruksfaglege spørsmål i Barentsregionene.

Kontor- og laboratoriebygninga fekk i tillegg til kontoravdeling, laboratorieavdeling, auditorium og anlegg for simultanoversetting med plass til 80 personer, fleire mindre møterom, treningsrom, TV-stuer og peisestue med vinterhage og eit lite bibliotek.

Som ein møtestad mellom aust og vest var det årleg 3-5000 personar innom Svanhovd og behov for bygging av ei internatfløy med opphaldsrom, melde seg snart. Difor gav Landbruksdepartementet i 1995 Statsbygg i oppdrag å stå for planlegging og bygging av ny internatfløy med opphaldsrom og møterom. I 1997 var internatfløya ferdig med 43 gjesterom og plass til 50 personar. Samstundes vart kjøkkenet i byggetrinn I utvida og ombygd.

Bygningshistorikk

1992	Bygningen oppført.
1996	Internatfløya oppført.

Vern

Formål:	Ta vare på dette nye og moderne bygningskomplekset som ei nysatsing i Barentsregionen og som ei vidareføring av Svanhovd som forsøks- og demonstrasjonsgard og administrasjonssenter for norsk bureising og kolonisering av Pasvikdalen i mellomkrigstida.
Begrunnelse:	Bygget vitnar om statleg satsing som følgje av nedlegginga av AS Sydvaranger, og som følgje av opnare forhold til Russland etter at Sovjet vart oppløyst. Svanhovd skulle no bli eit knutepunkt i det grensenære norsk-russiske miljøsam arbeidet. Bygget er ein del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om Bioforsk sin tidlegare og nye rolle i Pasvikdalen.
Omfang:	Eksteriøret.
Vernekategori:	Verneklasse 2, bevaring



Foto: Håkon Skarstad



Foto: Line Bårdseng

BYGNING 5157 KONTOR-/LAB.BYGNING

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD



Foto: Line Bårdseng

BYGNING 11737 VAKTTÅRN H96

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ,SVANHOVD

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	Ukjent
Gnr/bnr:	20/71
Oppført:	1954
Byggherre:	Forsvarsdepartementet
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Fritid
Nåværende funksjon:	Fritid
Bygningsart:	Tårn
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Tårnet er oppført på betongpillarer og kafeen er panelt bindingsverk på betongfundament. Taket er tekt med papp.

Sammendrag bygningshistorie

Tårnet som vart bygd i 1954 vart bygd av det norske forsvaret for å overvake området mot Russland og Nikel, men forhistoria til tårnet er like interessant.

Staten v/Landbruksdepartementet bygde eit utkikstårn her i 1935 for å få turistrifikk over frå finsk til norsk side av Pasvikelva. Utkikstårnet hadde restaurant i toppen. Arkitekt var Harald T. Sund. Tårnet ligg på det høgaste punktet i området, 96 meter over havet.

Tårnet vart overtatt av tyskarane i 1940 som vakttårn. Tårnet brann ned i 1944 ved eit uhell. Staten v/Forsvarsdepartementet bygde så eit nytt vakttårn i 1954/55 for å overvake området over mot Russland og Nikel. Kven som no teikna tårnet kjenner ein ikkje til, med det vart bygd av Jacob Brun frå Hemnesberget. Tårnet vart i 1958/59 utvida med ei koie til soldatane. Då "den kalde krigen" var over vart tårnet overført til Svanhovd i 1997. Huset blir i dag brukt som turistattraksjon, med kiosk og kafé i koia.

Bygningshistorikk

1935	Staten bygde tårnet for å få ein del av reiseverksemda over frå finsk til norsk side av Pasvikelva. Tårnet med restaurant på toppen, vart reist av Jacob Brun frå Hemnesberget. Tårnet vart overtatt av tyskarane i 1940 og brukt som vakttårn.
1944	Tårnet brann ned ved eit uhell 4. mai 1944.
1954	Forsvaret overtok eigeidomen i 1954, og bygde då observasjonstårnet som står i dag for å overvake området over mot Russland og Nikel.
1957	I 1957 bygde forsvaret tilbygget med namnet "Koiene" for soldatane som hadde vaktteneste her.
1997	Den militære funksjonen opphøyrd etter kvart og i 1995 vart tårnet lagt ut for sal og overført til Svanhovd miljøseniter. Tårnet har no fått attende sin opphavslege funksjon som utkikspost for turistar mv.

Vern

Formål:	Ta vare på eit tårn som vart bygd som vakttårn under "den kalde krigen" Det tidlegare tårnet som stod her vart bygd til turistformål i mellomkrigstida og brukt av tyskarane under krigen.
Begrunnelse:	Dette tårnet og det tidlegare tårnet som brann ned synleggjer både den norske koloniseringa av Pasvikdalen og forsvaret si rolle i området, og då spesielt i perioden under "den kalde krigen".
Omfang:	Eksteriør og interiør.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 11737 VAKTTÅRN H96

Kompleks 1858 BIOFORSK JORD OG MILJØ, SVANHOVD

Interiør

Interiørnr:

Interiørnavn: Kjøkken

Beskrivelse: Kjøkkenet har originale skap og benkar.



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Foto: Line Bårdseng



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

KOMPLEKS 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Bygnings- og eiendomsdata

Fylke:	Nordland
Kommune:	1816/Vevelstad, 1820/Alstahaug
Opprinnelig funksjon:	Gård
Nåværende funksjon:	Fagsenter
Foreslått vernekategori:	Verneklasse 1, fredning
Totalt antall bygg:	19



Bygningsoversikt, omfang vern

Byggnr	Byggnavn	Oppført	Verneklasse	Omfang	GAB nr	Gnr/Bnr
5101	DRIFTSBYGNING 1	1796	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	187787750	84/1
5105	FELLESBYGG	1952	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør	11068154	84/1
5102	HOVEDBYGNING	1878	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør	187787685	84/1
5099	LÅNA	1740	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør	187787718	84/1
5100	MASTULÅNA	1725	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør	187787696	84/1
5103	STABBUR	1900	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Interiør	187787661	84/1
5112	SUNDET	1750	Verneklasse 1, fredning	Eksteriør/Utomhus	187787637	84/1

Vern kompleks

Formål:	Ta vare på kulturmiljø- og bygningar av stor kulturhistorisk verdi i eit landskap med stor tidsdjupne frå tida som embetsmannsgard, sauavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter.
Begrunnelse:	Tjøtta er ein jernaldergard, sterkt knytt til norgeshistoria. Dei første slo seg ned her kring 300 år e.Kr. Spora etter folk som har brukt området gjennom generasjonar er tydelege. Tjøtta har fleire verneverdige bygningar frå embedsmannstida som saman med nyare bygningar utgjør ein verdifull heilskap. Organiseringa av tunet er intakt, og både nye og gamle bygningar er relativt godt tatt vare på i sin opphavslege tilstand. Bygnings- og kulturmiljøet er prega av tida som storgard, eit gods som ei tid omfatta storparten av Helgeland, eit område på 8000 km ² . Driftsbygningane viser at det har vore satsa på Tjøtta som sauavlsgard. Først vart den gamle driftsbygningen frå 1800-talet ombygd og flikka på, men i 1952 og 1954 vart ny driftsbygning oppført, huset som i dag heiter fellesbygget. Denne bygningen vart også etter ei tid lite tenleg, og i 1996 vart ei ny stor driftsbygning med driftstun bygd nede på jordene utanfor hovudtunet. Delar av driftsbygningen frå 1952 og 1954 vart innreidd til kontorbygning i 1993. Dette viser korleis tidene også har skifta etter at Tjøtta vart sauavlsgard.
Omfang:	Vernet omfattar bygningane i tunet og sjølve tunet. Vidare tunområdet med vegar og hagar med plantingar av skog. Vernet omfattar også husmannsplassen Sundet.

Beskrivelse kulturmiljø

Eigedomen har mange kulturminne og stor tidsdjupne. Det omfattar mellom anna graver og steinrøyser frå førkristen tid og spor etter buplassar frå folkevandringstida. Garden var eit sentrum, ein storgard og av dei største godsa i landsdelen. I tunet står framleis fleire eldre svært verdifulle bygningar frå 17- 1800 talet. Bygningane, dei store trea i innkøyringa, hagen og det opne tunet pregar kulturmiljøet frå tida då Tjøtta var storgard og handelsstaden si glanstid. Tjøtta som sauavlsgard etter 1930 tilførte tunet nye bygningar og funksjonar som i dag i stor grad også pregar kulturmiljøet.

Tjøtta ligg i eit ope landskap med vidt utsyn. Storgarden hadde også mange husmannsplassar og i randsona ligg husmannsplassen Sundet som ein dokumentasjon på husmannshistoria.

KOMPLEKS 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Eiendomshistorikk

Den første busetninga her skriv seg frå omlag 300 år etter Kristus. Tjøtta har mange synlege fornminne. I tillegg til tunanlegg frå folkevandringtida er det i området ein heil del gravhaugar og røyser, og fire bautasteinar med namn til sagn knytt til Lekamøya og Hestmannen. Steinane heiter Spøa, Baksthella, Kjevlet og Emnet.

Første kjende person på Tjøtta var Øyvind Finnson, med tilnamnet Skaldaspelar som levde på 900-talet. Han var far til den endå meir kjende Hårek på Tjøtta som var den mektigaste mannen i Hålogaland. På 1200- talet var Bjarkøyætta eigarar av Tjøtta. og midt på 1350 talet overtok erkebispem i Nidaros garden som løysepengar for Erling Vidkunsson som vart fengsla i England etter ei pilgrimsferd til Roma.

Ein lang periode vart garden drive av leilendingar og i 1510 er det opplyst at det bodde 12 leilendingar på garden. Under reformasjonen i 1537 vart eigedomen inndrege under "Kronen" det vil seia den dansk-norske kongen. I 1666 trengte kongen pengar og pantsatte garden til den rike Joacim Irgens. Han fekk også pengevanskar og overdrog Tjøtta til rådmann Angell i Trondheim.

I 1732 selde Angelfamilien Tjøtta til presten Anders Dass i Alstahaug. Sonen Peter Andersen Dass overtok i 1738 og han flytta til Tjøtta og bygde opp garden. Dass var barnlaus og etter hans død overtok Kaptein Isak Coldevin i 1761 som i gjen selde til sorenskrivar Niels Gierbrandt Brotkorb. Brotkorpfamilien hadde garden fram til 1918 då Johan Brodtkorb døydde og boet var konkurs. Ved tvangsauksjon i 1929 var staten v/Landbruksdepartementet dei einaste som la inn bod på eigedomen.

Målet med staten sitt kjøp var å nytte Tjøtta til sauavlsgard for Nord-Norge. Etter at staten overtok vart det dyrka fleire hundre dekar nytt land i tillegg til fulldyrking av gamal innmark. I 1850 var det 31 husmenn under Tjøtta, og då staten overtok i 1930 var det framleis att 18 husmannsplassar.

I 1974 vart Tjøtta ein del av Statens forskingsstasjonar i landbruk. i 1994 ein del av Planteforsk som fagsenter og i 2006 ein del av Bioforsk.

Verneverdige bygg

Byggnr: 5099
GAB nr: 187787718
Navn: LÅNA
Byggeår: 1740



Byggnr: 5100
GAB nr: 187787696
Navn: MASTULÅNA
Byggeår: 1725



Byggnr: 5101
GAB nr: 187787750
Navn: DRIFTSBYGNING 1
Byggeår: 1800



Byggnr: 5102
GAB nr: 187787685
Navn: HOVEDBYGNING
Byggeår: 1874



Byggnr: 5103
GAB nr: 187787661
Navn: STABBUR
Byggeår:



Byggnr: 5105
GAB nr: 11068154
Navn: FELLESBYGG
Byggeår: 1954



Utomhusanlegg

Elementnr:

Elementnavn: Tun og hage

Beskrivelse: Johan

Brodtkorb var frimurar, og frimurarsymbolikk pregar hagen. Han fekk mellom anna sette opp tre oppreiste steinar med runde steinar på toppen, som er plassert i ein trekant. I ein halvsirkel er det plassert runde steinar.

Ein omnsskulptur;

vestalinne fra Nes jernverk, står også i hagen framom ein rund steinsett dam.

Vestalinne har tilhøyrd ein empirieomn i den tidlegare hovudbygningen. Figuren vart truleg flytta ut i hagen då bygningen vart rive.



Elementnr:

Elementnavn: Husmannshage

Beskrivelse: Sundet eller Øversundet er ein tidlegare husmannsplass. I dag står berre våningshuset att med ei inngjerda tomt ikring.



Foto: Bioforsk

BYGNING 5102 HOVEDBYGNING

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	187787685
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1878
Byggjerre:	Johan Christian Brodtkorb
Arkitekt:	Ukjent
Opprinnelig funksjon:	Bolig/bosetning
Nåværende funksjon:	Hotell/restaurant
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Dette er hovedbygningen på storgarden og bygningen sitt arkitektoniske uttrykk er moderat sveitserstil, men arkitekten er ukjent. Huset er oppført i to etasjer på ein høg bruddsteinskjellar. Huset er av panelt bindingsverk. Taket er tekt med skifer. Bygningen har hovudfasade mot hagen med glasveranda. På gavlveggen er det ein luftebalkong i 2. etasje. Bygningen har eit interiør av stor verdi., mellom anna dekorerte vegflater og tak.

Sammendrag bygningshistorie

Bygningen erstatta ei eldre hovudbygning som stod på same tomte og vart rive i 1870. Bygningen er oppført i bindingsverk med rapping både på veggjar og under himling. Det blir karakterisert som ein svært sjeldan bygningsteknikk i landsdelen på den tida. Bygningen vart brukt som bustad for eigarane, og etter at staten overtok i 1930 nytta som styrar- og funksjonærbustad fram til 1988. Delar av huset var i perioden 1976-1993 også nytta til kontor og mellom 1988 og 1993 berre nytta til kontorformål. Etter 1993 er huset nytta til gjestegardsdrift med overnatting og matservering. Bygningen hadde hovudreparasjon i 1931 med ny rehabilitering og omgjerding i 1990/91. I 2007 vart det etablert galleri i delar av kjellaren.

Bygningshistorikk

1878	Bygninga er oppført i bindingsverk med rapping både på veggjar og under himling. Det blir karakterisert som ein svært sjeldan bygningsteknikk i landsdelen på den tida. Huset blei brukt som bustad for eigarane.
1930	Staten overtok huset og brukte huset som styrar- og funksjonærbolig.
1976	Huset blir nytta til funksjonærbustad og kontor fram til 1988 og då fram til 1993 berre nytta til kontor.
1990	Huset blir rehabilitert. Kjøkendør blenda mot garden og erstatta av vindaug. Ny sideingang blir etablert under balkong på nordgavlen. Seinare blir altanen over glassverandaen fjerna.
1994	Huset fungerer som gjestehus.
2007	Det ble etablert galleri i delar av kjellaren.

Vern

Formål:	Ta vare på ei stasleg bygning av stor kulturhistorisk verdi, som også er ein del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embetsmannsgard, storgard på Helgeland, sauavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter.
Begrunnelse:	Huset er del av eit verdifullt bygningsmiljø som storgård med lang historie og som del av forskshistoria. Bygningen er arkitektonisk av høg kvalitet. Huset er godt tatt vare på, det gjeld også interiøret. Bygningen er oppført i utmurt bindingsverk, og det er ein sjeldan byggjemåte i Norge, spesielt i Nord-Norge, Huset inngår dessutan som ein viktig del av tunet i sør.
Omfang:	Eksterior og interiør.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 5102 HOVEDBYGNING

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Interiør

Interiørnr:

Interiørnavn: Spisestove

Beskrivelse: Rommet er fargerestaurent. Veggflata er raud. Høg brystning i nygotisk stil, eikeådra, staffert med raud farge. Frisen er dekorert med pil/andreaskors alternerande med fireodda stjerner. Det er truleg ein frimurarsymbolikk. Panelet øverst er firpass og nederst trepass. Taket er pussa og gipsa med rosett og gesims med diamantsnitt. På golvet er det lagt linoleum. Brannmuren er pussa og måla med svampaktig marmorering. På veggane heng portrett av eigarane på 1700-talet.



Interiørnr:

Interiørnavn: Storstove

Beskrivelse: Storstova har kamin med innsats i støypejern i nyrokoko stil. Kaminen er dekorert med stukk i nyrenessanseform. Kaminen er flankert av vangar i tegfliser der det tidligare stod murte omnar. Låg brystning er eikeådra slik som dørene. Det er brystning med fylling under vindaugo. Brei opning inn til stove 2, med lukka kabinet, har ei ny dør som er umåla. Det er også ny dør til gangen. Taket er pussa og gipsa med støypt rosett og gesims, staffert med gullbronse. Veggane er kvite, dekorert som felt med striper i gullbronse, svart og grøn. På golvet er det nytt belegg med parkettimitasjon som bør skiftast ut.



Interiørnr:

Interiørnavn: Stove 3

Beskrivelse: Stova har høg brystning med fireodda stjerner i frisen, men noko enklare utført enn dei andre brystningane. Rommet har pussa og gipsa tak med støypt gesims og pentagramforma rosett. Fargesettinga er ikkje restaurert.



Interiørnr:

Interiørnavn: Stove 2

Beskrivelse: Stova har høg brystning i nygotisk stil som er eikeådra staffert med grått, og truleg fargerestaurent. Frisen er dekorert med diamantsnitt alternerande med trepass. I panelet trepass både oppe og nede. Nisjeforma brannmur med profilert trekning og rommet har den opphavelige omnen. Taket er pussa og gipsa med støypt rosett og gesims.

Interiørnr:

Interiørnavn: Hallen

Beskrivelse: Hallen har trosselaup med dreia balustre og meglar som er eikeådra. Brystninga er måla med sjablondekorert frise, rosetter og akantus. Det er uvisst om dette er fargerekonstruksjon. Nedanfor troppa er det ein gamal vaskeservant bak ein lettvegg.

Interiørnr:

Interiørnavn: Soverom

Beskrivelse: Soveromma er som romma elles i huset tatt godt vare på både når det gjeld dører og detaljering.

BYGNING 5102 HOVEDBYGNING

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Foto: Line Bårdseng



Fasade vest Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug, Niku



Foto: Bioforsk



Fasade aust Foto: Håkon Skarstad



Foto: Bioforsk



Fasade nordvest Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5100 MASTULÅNA

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	187787696
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1725
Byggherre:	Petter Andersen Dass
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Bolig/bosetning
Nåværende funksjon:	Bolig/bosetning
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen er oppført i to etasjer på grunnmur både av betong og bruddstein. Huset har òg ein liten kjellar. Ytterveggane er av tømmer og noko av reisverk, kledd med ståande ytterkledning. Taket er tekt med skifer.

Sammendrag bygningshistorie

Dersom huset vart bygd i 1725 var det rådmann Angell som bygde huset. Han hadde garden frå 1698-1732. Anders Dass hadde garden frå 1732-1738 då sonen Peter Andersen Dass overtok. Huset vart under proprietærtida nytta til matstell og bustad for tenestefolka på garden. Det var også tilfelle då staten overtok i 1930. Frå 1948 til 1985 vart huset nytta til funksjonærbustader og kontor. I 1985/86 skjedde det ei omfattande ombygging både utvendig og innvendig og huset rommer i dag tre leiligheter og 2 hyblar.

Bygningshistorikk

1725	Dette var økonomifløy til hovudbygningen. etter det ein veit oppført i 1725. Huset hadde "matstue", kjøken, mjølkebod og slaktehus. I 2. etasje var det soveplassar for drengar. Etter kvart reiv dei to av uthusa, melkeboden og vaskehuset.
1948	Huset blir brukt som funksjonærbustader og til kontor.
1985	Omfattande ombyggingar, som resulterte i tre leiligheter og to hyblar.

Vern

Formål:	Ta vare på ei representativ bygning av stor kulturhistorisk verdi som også er ein del av eit varirert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, sauvalvgard, forskingsstasjon og fagsenter.
Begrunnelse:	Låna representerer del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om Tjøtta som storgard og som forsøksgard. Bygningen frå 1700 talet var eit viktig element som økonomibygning i tilknytning til hovudbygningen. Huset fortel om hushaldningshistoria på ein storgard, og dessutan inngår huset som ein viktig del av tunet i sør.
Omfang:	Eksteriør og interiør.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning



Fasade sør Foto: Håkon Skarstad



Fasade sør Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5100 MASTULÅNA

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Fasade nordaust Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5103 STABBUR

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	187787661
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1900
Byggherre:	Ukjend
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Landbruk
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Stabbur
Regulering:	Uregulert: Byggeår er ukjent, men før 1900.
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Stabburet er oppført i 1 1/2 etasje på stabbar av betong. Ytterveggene er lafta med vertikalt og horisontalt panel. Taket er tekt med skifer. Klokketårnet har klokke.

Sammendrag bygningshistorie

Huset er bygd for 1900 og tener i dag som lager. Bygningen blir også nytta i samband med gjestegardsdrifta.

Vern

Formål:	Ta vare på eit tradisjonelt og klassisk stabbur som også er ein del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, saueavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter.
Begrunnelse:	Huset er ei del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om Tjøtta som storgard og som utgjer ein viktig bygning i det gamle gardstunet.
Omfang:	Eksteriør.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning



Fasade nordvest Foto: Håkon Skarstad



Fasade Nord Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 5103 STABBUR

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Fasade vest Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5099 LÅNA

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat:	BIOFORSK
GAB nr:	187787718
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1740
Byggherre:	Familien Dass.
Arkitekt:	Ukjend
Opprinnelig funksjon:	Bolig/bosetning
Nåværende funksjon:	Landbruk
Bygningsart:	Bolig
Regulering:	Uregulert: null
Vernestatus:	



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Huset er oppført i to etasjer over ein grunnmur av bruddstein,. Det er kjellar under halve huset. Bygningen er oppført av tømmer med vertikal trepanel. Taket er tekt med skifer. Bygningen hadde fram til 1890-åra to korte fløyer i to etasjer som vart rive kring1890.

Sammendrag bygningshistorie

Låna, også kalla Prostelåna, vart truleg bygd kring 1740, men alderen er noko usikker. Ein veit at Peter Andersen Dass flytta til Tjøtta i 1738. Dersom det var bygd før 1738 var det truleg faren Anders Dass som bygde det. Det har vore omtala at låna også ei tid kunne vera hovudbygningen på Tjøtta, men det er usikkert, fordi det stod ei hovudbygning der hovudbygningen frå 1878 i dag står. Prostelåna har fått det namnet fordi Alstahaugprosten brukte å overnatte her etter preika i Tjøttakyrkja. Ein fetter av Johan Brodtkorb d.e. som også var prest, levde sine siste år i dette huset.

Bygningen har også hatt funksjon som gjestehus på garden for dei "standsmessige". I låna held "Nordlands Amts Praktiske Kvindeskole" til frå den starta i 1879 og til 1884. Det var den første offentlege opplæring av husmødre i Nordland fylke.

Bygningen vart restaurert i 1939. Ny resturering vart utført i 1993/1994 og gjort ferdig utvendig, men ikkje innvendig på grunn av pengemangel. Huset står i dag tomt i påvente av midlar til å fullføre det innvendige restaureringsarbeidet.

Bygningshistorikk

1740		Mest truleg oppført kring 1740 av Peter Andersen Dass som flytta hit i 1738 og hadde overtatt 2/3 av gården. Husets alder er framleis og brukshistrie er usikker og dette bør undersøkjast nærare.
1879	1884	Huset nytta av "Nordlands Amts Praktiske Kvindeskole" til offentlig opplæring av husmødre, men som vart flytta derifrå i 1884.
1890		Huset fikk sin noværande form i 1890-åra, då dei to fløyane som bygget opphaveleg hadde vart rive.
1939		Bygningen restaurert.
1993		Ny restaurering starta opp, men berre fullført utvendig. Huset står i dag tomt.

Vern

Formål:	Ta vare på ei verdifull bygning av stor kulturhistorisk verdi som også er ein del av eit verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som storgard, sauavlgard, forskingsstasjon og fagsenter.
Begrunnelse:	Bygningen kan vera den første hovudbygninga som familien Dass hadde på garden. Dessutan har bygningen verdi som tilhaldstad for "Nordlands Amts Praktiske Kvindeskole" og fordi bygningen har spesielle bygningskvalitetar. Huset inngår som ein viktig del av kulturmiljøet og tunet i vest.
Omfang:	Eksteriør og interiør.
Vernekategori:	Verneklasse 1, fredning

BYGNING 5099 LÅNA

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Interiør

Interiørnr:

Interiørnavn:

Beskrivelse:

Bygningen er ikkje restaurert innvendig, men panel og listverk er tatt ned. Det ser ut til at mykje av det opphavelige og gamle er intakt, og det er viktig at det blir tatt vare på når restaureringa blir fullført. Bygningen vart brukt som hovudbygning i perioden då den nye hovedbygningen vart oppført i 1870-åra. Huset ser ut til, på grunn av tapetrestar mv., å ha gjennomgått ei oppgradering då huset fekk funksjon som hovudbygning. Huset har dei opphavelige takbjelkane som er profilerte.



Fasade søraust Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Fasade nordaust Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5099 LÅNA

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Fasade sør Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug

BYGNING 5105 FELLESBYGG

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 11068154
Gnr/bnr: 84/1
Oppført: 1952
Byggjerre: Staten v/Landbruksdepartementet
Arkitekt: Ukjend
Opprinnelig funksjon: Landbruk
Nåværende funksjon: Undervisning/forskning
Bygningsart: Driftsbygning
Regulering: Uregulert: null
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Eine delen vart oppført som driftsbygning i 1952 og andre delen i 1954. Huset står på betongfundament med betongmur og med panelt bindingsverk. Dette var ei stor tidsypisk driftsbygning som viste at ein satsa på Tjøtta som sauavlgard. I tillegg til at denne bygningen vart nytta til sau med förlåve vart også den gamle driftsbygningen delvis nytta til sau. Etter at den teknologiske utviklinga skreid fram vart også dette huset umoderne, og i 1996 vart ny driftsbygning/driftstun bygd opp nede på jordet utanfor det gamle tunet. I 1993 vart bygningen ombygd til kontor, med møterom, konferansesal og kantine for dei tilsette, då hovudbygninga ikkje lenger eigna seg til kontorlokale. I tillegg til kontorfunksjonane blir delar av huset framleis nytta til verkstad og lager.

Sammendrag bygningshistorie

Fellesbygget, eller det som var driftsbygning II, vart bygd som sauefjøs med låve og nytta som det fram til 1991. Då vart huset, etter ei omfattande ombygging gjort om til administrasjonsbygg, med kontor, møterom og kantine. Ein del av huset blir framleis brukt til verkstad og lager.

Bygningshistorikk

1952	1954	Eine delen av bygningen var oppført i 1952 og andre delen i 1954. Huset vart bygd som sauefjøs og låve og nytta til det fram til 1991.
1991	1993	Driftsbygningen ombygd til kontor, møterom, møtesal, kantine, men ein del av huset blir fortsatt brukt til verkstad og lager.

Vern

Formål: Ta vare på ei bygning av kulturhistorisk verdi, som del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, sauavlgard, forskingsstasjon og fagsenter.

Begrunnelse: Huset fortel om forsøks historia til Tjøtta som sauavlgard og huset pregar kulturmiljøet og inngår som ein viktig del av tunet i aust. Bygningen viser satsinga på Tjøtta som sauavlgard og er eit interessant døme på gjenbruk og ombygging til administrasjonsbygg med arkitektonisk uttrykk som speglar gamle og nye funksjonar.

Omfang: Eksteriøret

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning



Foto: Bioforsk



Foto: Bioforsk

BYGNING 5105 FELLESBYGG

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Foto: Bioforsk

BYGNING 5101 DRIFTSBYGNING 1

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 187787750
Gnr/bnr: 84/1
Oppført: 1796
Byggjerre: Johan Christian Brodtkorb
Arkitekt: Ukjend.
Opprinnelig funksjon: Landbruk
Nåværende funksjon: Landbruk
Bygningsart: Driftsbygning
Regulering: Uregulert: null
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Det opphavelige fjøset frå 1796 er av lafta tømmer og påbygd etter at staten overtok i 1930. Betongkjellaren erstatta ein gjødselkellar av bruddstein. Over tømmerfjøset er det ein förlåve oppført i bindingsverk med sperretakkonstruksjon. Bjelkelaget mellom tidlegare tømmerfjøs og förlåve er fjerna. Vinkelbygget er av bindingsverk. Ein del av huset er oppført av materiale frå teatersalen i "borgstulåna" som stod parallelt med låna på andre sida av hovudbygningen. Fasadane er for ein stor del dekkja av måla eternittplater. Taket er tekt med hoggen skifer og eternittplater.

Sammendrag bygningshistorie

Huset er oppført som fjøs med förlåve over av Johan C. H. Brodtkorb i 1796. Stallen bygd vinkelrett på fjøset var av samme type. Då staten overtok vart fjøset påbygd og seinare endra fleire gonger, med materialbruk tidstypisk for dei ulike periodane. Bygningen har plass til 32 storfe og 300 sau, med høylåve høytørke og siloar. Ei fløy av låven har treskerom for korn og plass for tresking av elitefrø av korn og gras. Vidare eit lite tørkeanlegg for tørking av forsøksprøver av gras.

Bygningen var i bruk for sau og mjølkekyr fram til 1980. Frå 1980 og fram til 1996 vart storfeavdelinga brukt til kjøttfe. Etter den tid har huset vore mest brukt til lager.

Bygningshistorikk

1796 Oppført som fjøs med förlåve over.
1930 Steinkjellaren erstatta av ein betonggjødselkellar, men tømmerkonstruksjonane over den gamle steinkjellaren vart nytta vidare. Samstundes med ombygginga vart også fjøset utvida.
Fjøset vart påbygd med materiale frå sørløya av hovedbygninga "borgstulåna", vis-à-vis "mastulåna", som då vart rive. Borgstulåna hadde teatersal og borgerstue, og i 2. etasje var det soveloft for slåttekarane.
Bygningen vart nytta til sau og mjølkekyr fram til 1980.
1980 Melkeproduksjonen opphøyrd og erstatta med kjøttproduksjon på storfe.
1996 Storfe- og sauproduksjonen vart flytta til det nye driftstunet.

Vern

Formål: Ta vare på ein svært tidleg, unik og uvanleg stor utgåve av ein kombinert driftsbygning av stor kulturhistorisk verdi, som også er ein del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, sauavls Gard, forskingsstasjon og fagsenter.

Begrunnelse: Bygningen er saman med hovudbygningen, prostelåna, mastulåna og kyrkja ein vesentleg del av det gamle embetsmannsgard- og kulturmiljøet frå tida før Tjøtta vart sauavls Gard. Bygningen inngår som ein vesentleg del av det store tunet i nord. Alderen til bygningen, storleiken og dei mange funksjonane huset har hatt gjennom tidene, og den allsidige og tidstypiske materialbruken som til ein kvar tid er nytta, gjev bygninga ein spesiell verneverdi.

Omfang: Eksteriøret og dei berande bygningskonstruksjonane.

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning

Interiør

Interiørnr:
Interiørmavn:
Beskrivelse:



BYGNING 5101 DRIFTSBYGNING 1

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Fasade nordaust Foto: Håkon Skarstad



Fasade søraust Foto: Håkon Skarstad



Foto: Lars Jacob Hvinden-Haug



Fasade sørvest Foto: Håkon Skarstad

BYGNING 5112 SUNDET

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA

Bygnings- og eiendomsdata

Ansvarssted/etat: BIOFORSK
GAB nr: 187787637
Gnr/bnr: 84/1
Oppført: 1750
Byggherre: Ukjend
Arkitekt: Ukjend
Opprinnelig funksjon: Bolig/bosetning
Nåværende funksjon: Funksjon uspesifisert
Bygningsart: Bolig
Regulering: Uregulert: Byggeår ukjend, men truleg på 1700-talet
Vernestatus:



Sammendrag bygningsbeskrivelse

Bygningen har ei tømmerkjerne med to rom, der det største rommet er delt med ein bordvegg. Loftet har ein høg knevegg og er brukt som soveloft.

Sammendrag bygningshistorie

Eigedomen, også kalla Øversundet, er ein husmannsplass frå 1700-talet, der det var både hus og fjøs. Huset vart flytta i 1850 og då opplyst til å vera omlag 100 år. Tidlegare var det ei sval på austveggen, det vil seia tak utan vegg der dei hengde ytterklee, fiskegarn, liner og som lager for brenntorv og ved.

Den siste husmannen på Tjøtta døydd i 1923. Då gjekk jorda tilbake til hovudbruket, men huset fekk ny eigar. Den siste som bodde her var Rebekka Larsen, f. 1892. Ho dreiv uoffisiell kafé her til ho flytta i 1970. Huset vart så brukt til hytte/fritidsbruk fram til staten overtok huset på 80-talet. Restaurering vart utført i 1991, og bygningen blir i dag brukt etter avtale av ei interesseforeining under Tjøtta historielag.

Bygningshistorikk

1750 Året huset er bygd er ukjend, men det skjedd ein gong på 1700-talet
1850 Våningshuset blei flytta hit. Detaljeringane kan tyde på at bygget er oppført på 1700-tallet. Huset er seinare blitt endra ein del.
1923 Den siste husmannen som dreiv plassen døydd og plassen gikk tilbake til hovudbruket. Den siste som budde i bygningen dreiv uoffisiell kafé her til 1970.
1970 Huset vart brukt som hytte. I dag blir huset brukt av Tjøtta historielag.
1990 Huset fekk nye vindaugo og utvendig kledning. Taket vart også utbetra gjennom utskifting av takåsar, ny taktro og nytt torvtak.

Vern

Formål: Ta vare på ei bygning av stor kulturhistorisk verdi, som dokumentasjon på ein av dei mange husmannsplassane under storgarden Tjøtta.

Begrunnelse: Dette er ei typisk og representativ husmannstove som er tatt godt vare på. Dette er ei bygning det er få igjen av i Norge. Storgarden Tjøtta hadde mange husmannsplassar og plassen Sundet har ei typisk plassering i randsonen til hovudgarden. Kring denne verdifulle bygningen er det ein inngjerda hage som danner ei verdifull ramme kring huset og kulturmiljøet her.

Omfang: Eksterior og interior med inngjerda tomt.

Vernekategori: Verneklasse 1, fredning

Interiør

Interiørnr:
Interiørnavn:
Beskrivelse: Enkelte panelveggar kan synes å vere gjenbruk frå 1700-talet.



BYGNING 5112 SUNDET

Kompleks 1854 BIOFORSK NORD, TJØTTA



Fasade Aust Foto: Line Bårdseng



Fasade aust Foto: Håkon Skarstad



Panelvegg på loft. Foto: Ragnhild Hoel



Fasade sørvest Foto: Håkon Skarstad



Moderniseringsdepartementet sende i 2005 ut eit brev om at underliggjande institutt, aksjeselskap og foretak der staten er sentral eigar eller bidragsytar, skal utarbeide ein landsverneplan. Bakgrunnen for dette var ei erkjenning av at bygningar og viktige historiske kjelder i statleg eige forfell.

Ein landsverneplan er ei samla oversikt over kulturminne, kulturmiljø og bygningar i statleg sektor som i nasjonal samanheng bør vernast. Planen skal danne grunnlag for vern etter kulturminnelova (verneklasse 1), og eigedomar som statsetaten sjølv vil verne utan formelt lovvern (verneklasse 2).

Dagboknotat 1949: Livet myldrer frem etter vinterdvalen. Herre min Gud hvor vakkert det er. Det er bare det om sinnet er slik stemt at jeg ser det. Dagboknotat 1957: Poteten frosset i kjelleren. Stor oppstandelse med diverse raserintbrudd. Dagboknotat 1948: Pipene på gården er støpt av sement – du store Madagaskar. Det burde vært straffbart på en Statens anstalt før krigen da alt var å få. Dagboknotat 1948: Malermeisteren har jeg visse vansker med. Det er mine ønsker om farger han har vanskeligheter med å forstå. Jeg føler meg trett og sliten mange ganger. Dagboknotat 1965: Feiern har revet seg i høyre kode og Blessingen skranter med eting. Det er det gamle og samme med disse hestene. Når de skal brukes så blir det noe elendighet. Jeg er godt vant med det. Dagboknotat 1954: Det er hyggelig å vite at kråkene er kommet i klasse med de nyttige fugler. Uten de ville spurv og trost ta overhånd i bærhagene, sies det. Slutning: Det kan være sjebnessvangert å fingre for sterkt med likerekten i naturen.